



Høyringsnotat

Tilbakekrevjing etter feilutbetaling

Tiltak mot trygdemisbruk

Renter og erstatning i trygdesaker

INNHALD

1. SAMANDRAG AV HØYRINGSNOTATET

DEL I – TILBAKEKREVJING AV FEILUTBETALINGAR

2. Tilbakekrevjing av feilutbetalingar - folketrygdlova § 22-15
3. Tilbakrevjing ved avtale om direkte oppgjær - folketrygdlova ny § 22-15 a
4. Tilbakekrevjing ved inntektsavhengige ytingar – folketrygdlova § 22-16

DEL II TILTAK MOT TRYGDEMISBRUK

5. Krav om kontrollundersøking – folketrygdlova § 21-3 tredje leddet
6. Henting av opplysningar – folketrygdlova § 21-4 første leddet
7. Plikt til å gi erklæringar mm. – folketrygdlova § 21-4 andre leddet
8. Kontrollopplysningar og kontroll på staden – folketrygdlova ny § 21-4 a
9. Utveksling av informasjon med forsikringsselskap mv.– folketrygdlova ny § 21-4 b
10. Opplysningar til andre forvaltningsorgan – arbeids- og velferdsforvaltningslova § 7
11. Gebyr og tvangsmulkt når opplysningsplikta ikkje vert oppfylt– folketrygdlova §§ 25-3 og 25-12

DEL III RENTER OG ERSTATNING I TRYGDESAKER

12. Renter og erstatning i trygdesaker

DEL IV ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVEN SAR. LOVFORSLAG

13. Økonomiske og administrative konsekvensar
14. Forslag til lovendringar

1. SAMANDRAG AV HØYRINGSNOTATET

1.1. *Tilbakekrevjing av ytingar*

Ei av dei viktigaste oppgåvene til Arbeids- og velferdsetaten er å sikre rett yting til rett tid. Etaten oppfyller dette i dei fleste tilfella, men feilutbetalingar skjer, anten årsaka er feil eller manglande informasjon frå stønadstakaren eller feil som etaten sjølv har gjort. Feilutbetalingssakene kostar mykje arbeid, og effektivisering har høg prioritet. Endringsforslaga byggjer i hovudsak på forslag som Rikstrygdeverket tok opp før 1. juni 2006.

Tilbakekrevjing etter feilaktig utbetaling er regulert i folketrygdlova §§ 22-15 og 22-16. Medan § 22-15 er basert på tilbakekrevjing når mottakaren på eit eller anna vis har vore aktaus, er § 22-16 i utgangspunktet ein objektiv avrekningsregel for inntektsavhengige ytingar. Tilbakekrevjing etter paragrafane er i dag avgrensa til krav mot ein person som får eller har fått ytingar frå trygda.

I punkt 2 i notatet vert det foreslått desse endringane i folketrygdlova § 22-15:

- Paragrafen skal kunne nyttast i høve til andre enn stønadstakaren (arbeidsgjevarar, kommunar, dødsbo eller andre som tilfeldig har fått utbetalingar til seg).
- Etablering av ei nedre beløpsgrense, slik at krav som utgjer mindre enn 50 prosent av rettsgebyret (pr. 1. januar 2007 kr. 430,-) ikkje vert innkrevde.
- Ordninga med å redusere tilbakebetalingsbeløpet med skatt som er betalt på grunnlag av feilutbetalinga vert foreslått fjerna.
- Vedtak om tilbakekrevjing av feilutbetalingar når mottakaren er i aktsam god tru (condictio indebiti) skal kunne innkrevjast utan å ta saka til domstolane.

I punkt 3 vert det foreslått ein ny § 22-15 a om tilbakekrevjing av feilutbetalingar ved direkte oppgjjer til behandlingsspersonell.

I punkt 4 vert det foreslått presiseringar i folketrygdlova § 22-16, slik at det ikkje er tvil om at avrekningsordninga gjeld utan omsyn til om stønadstakaren har vore aktaus, og slik at det går klart fram kva slag ytingar ein kan avrekne i. Det vert òg foreslått ei utviding, slik at ein kan avrekne i krigspensjon og ytingar etter den gamle lova om yrkesskadetrygd. I samband med desse endringane vert lovteksten omdisponert.

1.2. *Tiltak mot trygdemisbruk*

Arbeidet med å hindre og avdekkje trygdemisbruk er ei prioritert oppgåve for Arbeids- og velferdsetaten. Etaten har særskilte einingar til dette arbeidet, som har særleg skal ta for seg saker der det er mistanke om organisert trygdemisbruk. Einingane skal arbeide aktivt for betre kontrollrutiner, slik at risikoen for misbruk vert redusert. Eit nært samarbeid med andre etatar er viktig.

Etter intensiveringa av trygdemisbruksarbeidet i 2001 er nærare 3 900 personar meldte for bedrageri av til saman ca. 450 millionar kroner. I 2006 vart 1 690 personar meldte for trygdemisbruk. Dette er vel 1 550 personar fleire enn i 2000. Sakene gjaldt bedrageri av minst

188 millionar kroner, mot 20 millionar kroner i 2000. Auken i avslørte tilfelle indikerer ei effektivisering av arbeidet, men òg eventuelt at misbruket har auka i omfang.

I samband med intensiveringa av arbeidet mot organisert trygdemisbruk, er det naudsynt med endringar og presiseringar i lovverket for å sikre at ytingar frå folketrygda berre vert gitt når vilkåra for ytingane er oppfylte. Det er viktig at grunnlaget for vedtaka i Arbeids- og velferdsetaten er så korrekt som mogleg. Det er òg naudsynt med klar heimel for kontroll av enkeltsaker i etterhand, ved stikkprøvekontroll eller etter at ein har fått tips eller på anna vis har fått mistanke om trygdemisbruk. Utveksling av Informasjon med forsikringsbransjen vil kunne vere nyttig for begge parter, av di Arbeids- og velferdsetaten og forsikringsselskapa kan bli utsette for freistnad på svindel frå same person på same grunnlag. Kontroll på staden vil vere svært viktig i høve til enkelte slag trygdemisbruk.

Endringsforslaga gjeld:

- Ei presisering av reglane i folketrygdlova § 21-3 tredje leddet for å gjere det klart at stønadstakarar har plikt til å la seg undersøkje av den legen eller annan sakkunnig som Arbeids- og velferdsetaten bestemmer. Det vert presisert at dette gjeld ved krav om ytingar så vel som ved kontroll med om vilkåra framleis er oppfylte eller har vore oppfylte i tid som er gått. Sjå *punkt 5*.
- Endringar i folketrygdlova § 21-4 første leddet for å presisere omfanget av opplysningsplikta og ta med barnetilsynsordningar og finansinstitusjonar i krinsen som har plikt til å gi opplysningar. Sjå *punkt 6*.
- Endringar i folketrygdlova § 21-4 andre leddet om plikta til å gi erklæringar mv. til Arbeids- og velferdsetaten for å presisere at plikta omfattar privat helsevesen som ikkje har rett til refusjon frå folketrygda for behandling. Det vert òg foreslått klar heimel for at Arbeids- og velferdsdirektoratet kan fastsetje godtgjersla for slike erklæringar, eventuelt med høgare satsar for privat helsevesen. Sjå *punkt 7*.
- Etablering av ein ny § 21-4 a om kontrollopplysningar frå tredjemann og kontroll på arbeidsplassar mv. når det er grunn til mistanke om trygdemisbruk. Etter forslaget skal ein slik heimel berre kunne nyttast av Arbeids- og velferdsdirektoratet eller særskilt utpekte einingar i etaten (trygdemisbruksteam). Sjå *punkt 8*.
- Etablering av ein ny § 21-4 b om utveksling av informasjon mellom Arbeids- og velferdsetaten og forsikringsselskap mv. ved mistanke om trygdemisbruk eller forsikringssvindel. Arbeids- og velferdsetaten skal kunne få varsel om tilhøve som har medført eller kan medføre urettmessig mottak av trygdeytingar. Tilsvarende skal etaten kunne varsle forsikringsselskap mv. om tilhøve som har medført eller kan medføre urettmessige utbetalingar frå selskapet, dvs. ein varslingsrett i det enkelte tilfellet der Arbeids- og velferdsetaten kjenner til at det verserer ei sak i vedkomande selskap. Det vert reist spørsmål om det kan vere aktuelt at etaten gir selskapa rutinemessige meldingar om tilfelle der feilutbetalte beløp vert krevde tilbake. Sjå *punkt 9*.
- Endringar i arbeids- og velferdsforvaltningslova § 7 andre leddet første punktumet med sikte på at Arbeids- og velferdsetaten får heimel til å gi opplysningar til andre forvaltningsorgan for å hindre urettmessig utbetaling av offentlege middel. Ein slik heimel følgjer av dei generelle

reglane i forvaltningslova, men denne regelen gjeld ikkje for Arbeids- og velferdsetaten (på grunn av den store mengda personsensitive opplysningar som etaten har). Sjå *punkt 10*.

- Endringar i folketrygdlova § 25-3 for å innføre ei ordning med gebyr og tvangsmulkt for personar eller institusjonar som ikkje gir dei opplysningane mv. som Arbeids- og velferdsetaten har bedt om. Det vert foreslått at ei slik ordning skal følgje reglane om gebyr og tvangsmulkt ved manglande meldingar til arbeidsgjevar- og arbeidstakar-registeret. Folketrygdlova § 25-12 om straff vert foreslått oppheva. Forslaga er i tråd med forslaga frå Sanksjonsutvalet. Sjå *punkt 11*.

1.3. Renter og erstatning i trygdesaker

Etter folketrygdlova § 22-17 første leddet får ein ikkje renter ved etterbetaling av trygdeytningar. Paragrafen er forstått og praktisert som eit generelt hinder for å gi renter i trygdesaker. Dette er i samsvar med norsk rett, som tradisjonelt har vore varsam med å gi erstatning for rentetap utan positiv heimel i lov eller avtale.

Det er eit nært slektskap mellom erstatning etter skadeserstatningslova og renter. Erstatning kan tenkjast å dekkje rentetap som oppstår på grunn av folketrygdlova § 22-17. Tilsvarande vil erstatning kunne dekkje terminar med ytingar som ikkje vert omfatta av reglane om etterbetaling. Folketrygdlova har ingen regel om tilhøvet til erstatningsretten.

Reglane om etterbetaling tener i stor grad dei same omsyna som erstatningsretten. Ein har difor lagt til grunn at regelen om at renter ikkje vert gitt og reglane om etterbetaling er å rekne som ei fullstendig regulering av ansvaret til folketrygda i tilfelle som vert omfatta av reglane. Praksis har vore lagt opp i tråd med dette.

I den seinare tida har ein sett at domstolane har gitt erstatning i tillegg til etterbetalingar frå folketrygda. Den viktigaste av desse dommane er avgjerda til Høgsteretten i Abrahamsen-saka 25. oktober 2002. Det er òg i aukande grad stilt spørsmål om det er rimeleg at det ikkje vert gitt renter. Mellom anna har Stortinget teke opp dette spørsmålet.

Departementet meiner at det er naudsynt med ei klar regulering av desse tilhøva i lova. Dette vil sikre at den einskilde stønadstakaren får dei same rettane, og ein får oversikt over og kontroll med dei økonomiske konsekvensane. Forslaga i høringsnotatet gjeld:

- Etablering av reglar i folketrygdlova § 22-17 om at det vert gitt renter med 6 prosent pro anno når Arbeids- og velferdsetaten har gjort feil under saksbehandlinga, dvs. når det vert gitt utvida etterbetaling etter lova § 22-13 sjette leddet om feilinformasjon mv. eller § 22-14 fjerde leddet om feilaktige vedtak. Ein skal ikkje rekne renter av dei delane av ei etterbetaling som går til dekning av andre ytingar frå folketrygda som stønadstakaren har fått i etterbetalingsperioden eller til dekning av økonomisk sosialhjelp i denne perioden. Renteordninga bør òg omfatte tilsvarande saker etter lovene om krigspensjon og etter den gamle lova om yrkesskadetrygd. Sjå *punkta 12.3.2 og 12.5.2*.
- Etablering av ein ny § 22-17 a i folketrygdlova svarande til noverande § 22-17 andre leddet om heimel til å krevje renter ved tilbakekrevjing av feilutbetalte ytingar. Heimelen er som i dag avgrensa til tilfelle der mottakaren har vore aktlaus, dvs. ved tilbakekrevjing etter lova § 22-15 første leddet og forslaget til nytt andre ledd om arbeidstakarar som aktlaust er årsak til

urettmessige utbetalingar til arbeidsgjevar. Det vert òg reist spørsmål om renter ved tilbakekrevjing etter den foreslåtte nye § 22-15 a om feilutbetalingar til behandlingsspersonell med direkte oppgjer. Sjå *punkt 12.3.3*.

- Etablering av ein ny § 22-17 b i folketrygdlova om at det ikkje vert gitt erstatning for terminar med ytingar som ikkje vert etterbetalte etter lova eller for rentetap som ikkje vert omfatta av den foreslåtte regelen i § 22-17 om renter. Sjå *punkt 12.3.4*.

1.4 Økonomiske og administrative konsekvensar

De økonomiske konsekvensane av forslag av den aktuelle typen er svært vanskelege å rekne på. Utslaga vil kunne variere mykje frå år til år. Ein kan berre gi peikepinnar om storleiken. Beløpa nedanfor er årsbeløp for innsparingar/meirinntekter:

- Endra reglar om tilbakekrevjing - *mellom 2 og 10 millionar kroner.*
- Tiltak mot trygdemisbruk – *mellom 10 og 50 millionar kroner.*
- Gebyr og tvangsmulkt knytta til opplysningsplikt - *mellom 0,5 og 1 million kroner.*
- Krevje renter ved tilbakekrevjing - *mellom 0,5 og 2 millionar kroner.*
- Ikkje renter/erstatning etter erstatningsretten – *mellom 1 og 5 millionar kroner.*

Innsparingane vil etter dette kunne utgjere *mellom 14 og 68 millionar kroner i året.*

Innføringa av ei renteordning vil medføre meirutgifter på *om lag 3 millionar kroner i året.*

Forslaga til endringar er i hovudsak grunna på ønskje frå etaten med sikte på å lette eller effektivisere sakshandsaminga. Ein reknar med at dei vil spare arbeid. Talfesting er vanskeleg. Forslaget om ei renteordning vil føre til meirarbeid, inkludert arbeid med etablering av tekniske løysingar.

DEL I – TILBAKEKREVJING ETTER FEILUTBETALING

2. TILBAKEKREVJING ETTER FEILUTBETALINGAR – FOLKETRYGDLOVA § 22-15

2.1 Gjeldande rett

Folketrygdlova § 22-15 om tilbakekrevjing etter feilaktig utbetaling har denne ordlyden:

”Dersom et medlem har mottatt en ytelse etter denne loven i strid med redelighet og god tro, kan beløpet kreves tilbakebetalt. Feil utbetalt ytelse kan også kreves tilbakebetalt dersom et medlem eller noen som har handlet på medlemmets vegne, uaktsomt har gitt feilaktige eller mangelfulle opplysninger. Det samme gjelder dersom utbetalingen skyldes feil fra Arbeids- og velferdsetaten eller annet organ som foretar utbetaling på etatens vegne, og mottakeren burde ha forstått dette.

I andre tilfeller enn nevnt i første ledd kan det som er utbetalt for mye, kreves tilbake dersom særlige grunner gjør det rimelig. Ved vurderingen av om det foreligger særlige grunner, skal det blant annet legges vekt på hvor lang tid det er gått siden den feilaktige utbetalingen fant sted, og om vedkommende har innrettet seg i tillit til utbetalingen. Kravet om tilbakebetaling etter dette leddet er begrenset til det beløp som er i behold når vedkommende blir kjent med at utbetalingen var feilaktig.

Dersom det etterbetales lønn eller erstatning for lønn for tidsrom det allerede er utbetalt dagpenger under arbeidsløshet for, kan det som er utbetalt for mye kreves tilbakebetalt. Dersom ytelser etter folketrygdloven kapitlene 4 og 11 utbetales som forskudd, kan det som er utbetalt for mye kreves tilbakebetalt.

Et beløp som blir krevd tilbakebetalt etter første eller tredje ledd, kan enten dekkes ved trekk i framtidige trygdeytelser eller innkreves etter bestemmelsene i bidragsinnkrevingsloven. Vedtak om tilbakekreving er tvangsgrunnlag for utlegg. Innkreving skjer gjennom Arbeids- og velferdsetatens innkrevingssentral.

Dersom feilutbetalingen har medført høyere utlignet skatt, herunder trygdeavgift, kan beløpet som kreves tilbakebetalt reduseres med den merskatten som skyldes feilutbetalingen.”

Det er fire grunnlag for å krevje attende feilutbetalingar:

- a) At ein har teke mot stønad ”i strid med redelighet og god tro”.
- b) At ein aktlaust har gitt feilaktige, mangelfulle eller misvisande opplysningar.
- c) At ein aktlaust har teke mot ei utbetaling som grunnar seg på feil i Arbeids- og velferdsetaten.
- d) At særlege grunnar gjer det rimeleg med tilbakekrevjing.

Tilbakekrevjing med grunnlag i bokstavane a – c kviler på at mottakaren har vore aktlaus ved mottak av beløpet eller på anna vis, og i desse tilfella skal etaten som hovudregel krevje beløpet attende. Grunnlaget i bokstav a vert berre nytta når mottakaren forsettleg eller grovt aktlaust er

årsak til feilutbetalinga, og i tillegg ved heilt klare feil. Desse sakene er ofte så alvorlege at tilhøvet vert meldt som bedrageri.

Når det gjeld feilutbetalingar på grunn av av feilaktige eller mangelfulle opplysningar, som i praksis inkluderer det å *ikkje* gi opplysningar, er det òg aktuelt med tilbakekrevjing på grunnlag av handlingane til ein verje eller fullmektig som har fått ansvaret for å opptre på vegne av stønadstakaren. Derimot reknast ikkje ein arbeidsgjevar å handle på vegne av ein arbeidstakar utan ei særskilt avtale om det. Når ein vurderer om stønadstakaren eller andre har handla aktaust, må ein sjå opplysnings- og meldeplikta i høve til den informasjonen som trygdeorgana har gitt om rett og plikt som stønadstakar. Normalt reknar ein at nødvendig informasjon er gitt i stønadsbrevet med vedlegg, slik at det reknast som aktaust å ikkje oppfylle pliktene som er nemnde der.

Når det gjeld utbetalingar som grunnar seg på feil i Arbeids- og velferdsetaten, er det avgjerande kor klar eller synleg feilen er, og om vedkomande har vore så aktsam som ein til vanleg kan vente. Ein må vurdere heile situasjonen og sjå kva mottakaren burde ha forstått dersom han/hun hadde halde seg rimeleg orientert. Til dømes har Trygderetten slått fast at ein bør halde seg orientert om kva som skjer på eigen bankkonto.

Tilbakekrevjing som nemnd i bokstav d ovanfor er meint å dekkje dei ulovfesta reglane om "condictio indebiti". Dersom det ikkje kan reknast som urimeleg, kan feilutbetalingar som ein har teke mot i god tru krevjast attende i den utstrekning det framleis er noko att av det feilutbetalte beløpet når det oppstår spørsmål om tilbakebetaling.

Tilbakekrevjingsreglane kan berre nyttast mot den som har fått feilutbetalinga, anten årsaka er feil eller manglande opplysningar frå personen sjølv eller frå vergen eller andre som handlar på vegne av han eller henne. Trygderetten har lagt til grunn at ordet «mottaker» i gjeldande § 22-15 *gjer at paragrafen berre kan brukast i høve til mottakarar som kan reknast å representere den som har rett til ytinga* (prinsippavgjerdsarkivet sak 3/97). I høve til andre må ein freiste få pengane att etter reglane om «condictio indebiti» eller som erstatningskrav. Dette gjeld til dømes personar som gir behandling eller utfører andre tenester for trygda (lege, skysskaffar mv.). Lova § 22-15 kan heller ikkje nyttast mot arbeidsgjevar eller kommune eller i samband med feilutbetalingar til dei nemnde, til dømes ikkje når ein arbeidsgjevar har fått refundert forskott på sjukepengar og det i ettertid viser seg at arbeidstakaren ikkje hadde krav på sjukepengar.

Derimot vert ordet "medlem" i § 22-15 første leddet første punktumet ikkje forstått slik at det er til hinder for at paragrafen vert nytta mot personar som ikkje er medlem i trygda etter kapittel 2 i lova. Det reknast å vere nok at vedkomande har gitt seg ut for å vere medlem eller har utnytta eit mistak med omsyn til trygdetilhøva.

Sjølv om vilkåra for tilbakekrevjing er oppfylte, treng ein ikkje alltid å krevje tilbakebetaling. Mellom anna har Trygderetten innført ein praksis med å krevje attende halvparten av det aktuelle beløpet dersom Arbeids- og velferdsetaten òg kan lastast for feilutbetalinga. Dette er praktisert slik at dersom Arbeids- og velferdsetaten burde ha hindra eller redusert feilutbetalinga ved betre kontrollrutiner eller saksbehandling, reknar ein at det er grunnlag for halvering. Det vert lagt vekt på om trygdeorgana objektivt sett burde ha gjort noko for å unngå feilutbetalinga. Dette gjeld anten det er mottakaren eller etaten som er årsak til feilen. Som regel vil det likevel ikkje vere aktuelt å redusere tilbakebetalingskravet når mottakaren har vore fullt klar over feilen.

Ei feilutbetaling vil ofte ha ført med seg høgare skatt eller trygdeavgift enn om feilutbetalinga ikkje hadde skjedd. Etter lova § 22-15 tredje leddet kan ein i slike tilfelle redusere tilbakebetalingsbeløpet tilsvarende den meirskatten/avgifta som skriv seg frå feilutbetalinga (netto feilutbetalt beløp). Netto feilutbetalt beløp vert lagt til grunn ved tilbakekrevjinga når feilutbetalinga skjedde *i det same året*. Feilutbetalt beløp vert da ikkje innrapportert som inntekt og vert ikkje teke med ved den endelege skattlegginga. Ved feilutbetalingar i *tidlegare år*, når likninga for dette året ikkje har skjedd, vert tilbakebetalingskravet sett til brutto feilutbetalt beløp. Likningskontoret vert orientert straks og kan syte for ei korrekt likning. Feilutbetalingar i *år der likninga er skjedd*, vert krevde attende med nettobeløp som nemnd. Dette skjer i nær kontakt med likningskontoret for å unngå at det både vert gitt frådrag i tilbakebetalingskravet og vert refundert for mykje betalt skatt frå likningskontoret.

Etter gjeldande rett skal tilbakebetalingskrav i prinsippet fremjast sjølv om det dreier seg om relativt bagatellmessige beløp.

2.2 Aktuelle endringar – forslag frå Rikstrygdeverket

Rikstrygdeverket foreslo for det første at tilbakekrevjing ikkje vert knytta til at *feilutbetalinga er motteke ”i strid med redelighet og god tro”*. I praksis vert regelen nytta berre i dei særskilte tilfella, som likevel går inn under eitt eller fleire av dei alternative grunnlaga for å krevje tilbake. Det vert peika på at formuleringa er gamaldags og skapar inntrykk av at det er naudsynt med ein større grad av skyld enn kva som faktisk er tilfelle. Sjølv formuleringa er årsak til unødvendig negative reaksjonar i desse sakene. Heimel for tilbakekrevjing når mottakaren ikkje har vore aktsam nok, må ein framleis ha, men det vert foreslått relativt omfattande språklege endringar. Tilsvarende la Rikstrygdeverket til grunn at det framleis skal vere heimel for tilbakekrevjing av det som er att når mottakaren har vore i god tru ved utbetalinga (*”condictio indebiti”*).

Rikstrygdeverket meinte i tillegg at *reglane om tilbakekrevjing i prinsippet bør kunne nyttast i høve til alle som får utbetalingar frå trygda, anten dette er ein stønadstakar eller ein tredjemann*. Det er lite tenleg at området for folketrygdlova § 22-15 er avgrensa til personar som er stønadstakarar. Dersom feilutbetalinga ikkje vert tilbakebetalt frivillig, må etaten gå til retten for å få tvangsgrunnlag (dom) for kravet og unngå at det vert forelda. Grunnlaget for saka er «*condictio indebiti*» eller alminnelege erstatningsreglar. Dette krev ressursar i rettsapparatet, og sakene er tid- og kostnadskrevjande for etaten, medan det feilutbetalte beløpet kan vere lite.

Vidare gjekk Rikstrygdeverket inn for desse endringane:

- Etablering av heimel for å krevje *tilbake frå arbeidstakaren beløp som feilaktig er utbetalt til ein arbeidsgjevar som har forskottet ei trygdeytning*, jf. lova § 22-3. Dette skal gjelde når arbeidstakaren har gitt uriktige opplysningar til arbeidsgjevaren, som så i god tru får utbetalt til seg sjukepengar eller fødselspengar på vegne av arbeidstakaren.
- Lovfesting av praksis med reduksjon av tilbakebetalingskravet når Arbeids- og velferdsetaten sjølv i stor grad har medverka til feilutbetalinga ved ikkje å følgje rutinene for oppfølging av stønadstilfelle mv. Ei slik ansvarsdeling skal likevel ikkje skje dersom den som fekk feilutbetalinga handla med forsett.

- Innføring av ei beløpsgrense på 500 kroner for at tilbakekrevjing skal vere aktuelt. Som nemnd må saka no bli handsama sjølv om feilutbetalinga er bagatellmessig. Det vert peika på at det er lite rasjonelt og lite lønsamt å krevje inn småbeløp. Slike beløpsgrenser er innførte i andre regelverk, mellom anna i ny bidragsinnkrevjingslov.
- Oppheving av regelen om å ta omsyn til meirskatt som følgje av feilutbetalinga når ein fastsett tilbakebetalingskravet. Det vert peika på at ordninga fører til ekstraarbeid og til at saka tar lengre tid. Mellom anna må ein i mange saker spørje likningskontoret om kor mykje det dreier seg om i meirskatt. I verste fall kan heile eller delar av kravet vere forelda før ein får i gang tilbakekrevjinga av det. Dessutan er ordninga komplisert og vert lett årsak til forvirring. Desse problema kan ein unngå ved alltid å krevje attende bruttobeløpet som er feilutbetalt. Mottakaren må i mange av sakene be om ei ny likning, og Arbeids- og velferdsetaten kan hjelpe til med dette.

2.3 Vurdering og forslag

Departementet er samd med Rikstrygdeverket i at reglene i folketrygdlova om å krevje tilbake feilutbetalingar bør omfatte alle tilfella der mottakaren av ei feilutbetaling forsto eller burde ha forstått at årsaka til utbetalinga var ein feil. Det bør – på dei same vilkåra som i andre saker – vere heimel for å krevje tilbake feilaktige utbetalingar til arbeidsgjevarar, dødsbu og personar som ikkje er stønadstakarar, inkludert personar som ikkje er med i trygda.

Departementet kan òg vere samd i forslaget om ein særskilt heimel til å krevje tilbake frå arbeidstakaren feilutbetalt refusjon til arbeidsgjevaren når arbeidstakaren fått arbeidsgjevaren til å krevje refusjon for forskotterte sjukepengar eller fødselspengar mv. ved å gi uriktige opplysningar. Dersom det er grunnlag for tilbakebetalingskrav mot arbeidsgjevaren på grunn av aktløyse i samband med utbetalinga, bør dette likevel vere den primære løysinga.

Departementet er vidare samd i at alternativet med tilbakekrevjing når beløp er mottekne ”i strid med redelighet og godt tro” kan utgå. Formuleringa verkar støytande på mange og skapar dermed ekstra problem ved tilbakekrevjinga. Å ta ut dette alternativet vil heller ikkje føre til at ein ikkje får fremja krav om tilbakekrevjing, idet tilfella utan unntak vil vere dekte av alternativa med aktløyse ved mottak av utbetalinga eller i samband med opplysningar til Arbeids- og velferdsetaten. Det verkar òg tenleg å lovfeste praksis med omsyn til reduksjon av tilbakebetalingskravet når Arbeids- og velferdsetaten sjølv kan lastast for feilutbetalinga. Som Rikstrygdeverket finn departementet at kravet ikkje bør setjast ned når mottakaren var klar over at utbetalinga skreiv seg frå ein feil.

Ordninga med å ta omsyn til meirskatt på grunn av feilutbetalinga ved fastlettinga av tilbakebetalingskravet er ein vesentleg komplikasjon ved handsaminga av desse sakene. Etter forslaget frå Rikstrygdeverket må mottakaren sjølv ta opp dei skattemessige konsekvensane av feilutbetalinga. Dette vil ikkje utan vidare vere urimeleg, ettersom det berre gjeld tilfella der mottakaren ikkje har vore aktsam. Generelt vil det vere enklast og best om mottakaren av feilutbetalinga sjølv tar saka opp med likningskontoret. *Departementet vil difor slutte seg til forslaget om å oppheve ordninga med frådrag i tilbakebetalingskravet for meirskatt.* Forslaget verkar ikkje inn på regelen om tilbakekrevjing av beløp som er mottekne i god tru. Når ein der vurderer kor mykje som er att av feilutbetalinga, må ein mellom anna sjå på kva som er betalt i skatt.

Departementet kan òg slutte seg til forslaget om å fastsetje ei nedre beløpsgrense for å starte tilbakekrevjing. I tilfella der tilbakekrevjingssaka gjer det naudsynt med ei vanskeleg vurdering i høve til om mottakaren har vore så aktsam som ein kan vente, eventuelt at ein må gå til retten for å få tvangsgrunnlag for kravet, kan utgiftene knytta til å få pengane tilbake lett bli høgare enn beløpet det dreier seg om. Ei nedre beløpsgrense vil føre til ei forenkla handsaming av sakene. Dei fleste feilutbetalingane utgjer meir enn 500 kroner, (grensa som Rikstrygdeverket foreslo), og det vert ikkje mange saker utan tilbakekrevjing.

Departementet meiner likevel at ei beløpsgrense ikkje bør utgjere eit bestemt kronebeløp, men knyttast til noko som vert regulert kvart år. Det kan vere naturleg å relatere grensa til rettsgebyret, som per 1. januar 2007 utgjer 860 kroner. Etter bidragsinnkrevjingslova § 17 gjeld ei beløpsgrense på eit halvt rettsgebyr for innkrevjing. Innkrevjing av vedtak etter § 22-15 vil skje etter reglane i denne lova, og det kan vere praktisk med den same grensa. *Departementet foreslår at grensa for å ta opp sak om tilbakebetaling vert sett til eit halvt rettsgebyr.* Grensa blir å vurdere i høve til den totale feilutbetalinga i saka. Til dømes må feilutbetaling av ei månadsvis yting vurderast i høve til summen av månadsbeløpa, ikkje til feilutbetalinga i den enkelte månaden.

I tillegg til dei endringane som Rikstrygdeverket foreslo, meiner departementet at vedtak om tilbakekrevjing av restsummen når ei utbetaling er motteke i aktsam god tru, i større grad bør handsamast på den same måten som dei andre sakene etter § 22-15. Reglane i dag opnar ikkje for tvangsinnkrevjing av slike beløp før ein har hatt saka i retten.

Departementet er samd i at grunnlaget for tilbakekrevjing i desse sakene er annleis enn i dei andre sakene etter paragrafen, der mottakaren *ikkje* har vore i aktsam god tru. Når feilutbetalinga er gjort kjent for vedkomande gjennom vedtaket om tilbakekrevjing, er det likevel liten grunn til skilnader vidare i prosessen. Dersom vedkomande da disponerer over det som er att av feilutbetalinga, vil dette normalt vere forsettleg. *Departementet foreslår difor at vedtak om tilbakekrevjing av slike restbeløp får tvangsgrunnlag og vert innkrevde på den same måten og etter dei same reglane som dei andre sakene etter paragrafen.* Dersom det er grunn til å sjå mildt på saka, bør dette primært verke inn på vurderinga av om og kor mykje ein skal krevje attende.

De foreslåtte endringane i folketrygdlova § 22-15 får òg verknad for tilbakekrevjing etter krigspensjoneringslovene og den gamle lova om yrkesskadetrygd, som alle viser til folketrygdlova § 22-15 på dette punktet (sjå § 24 nr. 2 i lova om krigspensjonering for militærpersonar, § 33 nr. 2 i krigspensjoneringslova for sivile og § 38 nr. 2 i den gamle lova om yrkesskadetrygd).

Barnetrygdlova § 13 og kontanstøttelova § 11 gir reglar om tilbakekrevjing ved feilutbetalingar på desse områda. Paragrafane er utforma etter mønster av folketrygdlova § 22-15 og bør nok endrast på same måten (så langt det høver).

Særreglar for tilbakekrevjing ved feilutbetalingar til behandlingsspersonell mv. er behandla i punkt 3 nedanfor.

Departementet viser til forslaget til ny § 22-15 i folketrygdlova.

3. TILBAKEKREVJING VED AVTALE OM DIREKTE OPPGJER – FOLKETRYGDLOVA NY § 22-15 A

3.1 Gjeldande rett

Folketrygdlova § 22-1 slår fast at ytingar etter lova vert utbetalte til den som har rett til ytinga, det vil seie det einskilde medlemmet i trygda. Det prinsipielle utgangspunktet i lova er difor at pasienten sjølv må betale utgiftene til helsetenester til den som gir desse tenestene og få refusjon frå trygda etterpå. Etter folketrygdlova § 22-2 kan likevel den som gir behandling eller utfører tenester som trygda er stønadspliktig for, inngå avtale om direkte oppgjjer med trygda. Stønaden vert da utbetalt direkte til den som utfører behandlinga/tenesta. Betalingsplikta til pasienten vert tilsvarande redusert, slik at vedkomande i praksis berre betaler eigendelen. Denne ordninga gir klare administrative føremoner for alle partar.

Det er utarbeidd standardavtaler (mønsteravtaler) for direkte oppgjjer med dei ulike yrkesgruppene som utfører helsetenester som trygda er stønadspliktig for. Avtalevilkåra vert for dei fleste yrkesgruppene fastsett einsidig av Arbeids- og velferdsetaten. Avtalene vert i utgangspunktet inngått med den einskilde yrkesutøvar, men reglane er ikkje til hinder for at ein kan inngå avtaler med interesseorganisasjonar. Ei slik avtale er "Kollektivavtalen med Den norske lægeforening". Kollektivavtala bind ikkje det einskilde medlemmet av Dnlf direkte. Avtaletilhøvet for den einskilde legen vert ordna gjennom ei eiga avtale mellom legen og etaten om at legen sluttar seg til kollektivavtala.

Som nemnd i punkt 2, omfattar tilbakekrevjingsreglane i folketrygdlova § 22-15 i dag ikkje feilutbetalingar til behandlingsspersonell. Heimel til å krevje attende feilutbetalingar på dette området følgjer likevel av mønsteravtalene, som ofte byggjer på ei absolutt og objektiv plikt til tilbakebetaling. I samsvar med etablerte retningslinjer har likevel etaten i praksis ikkje fremja krav i tilfella der behandlaren har vore i aktsam god tru.

Feiloppfatningar hos behandlaren om kva som er gjeldande rett, vert i praksis som regel ikkje tillagt vekt som unnskyldning/forklaring. Er årsaka til feilutbetalinga at vedkomande har teke opp spørsmålet om takstbruk mv. med Arbeids- og velferdsetaten og fått feilaktige opplysningar, har ein likevel til vanleg ikkje fremja krav om tilbakebetaling. Når det gjeld legane, vart desse reglane avtalefesta i kollektivavtala 18. august 1997 og tekne med i seinare avtaler. I den nemnde avtala vart det teke inn ei avgrensing for tilfella der legen har fremja krav for undersøking/behandling som ikkje kan reknast for medisinsk nødvendig. I slike tilfelle skal legen berre betale attende beløpet dersom han eller ho burde ha forstått dette.

Praksisen til Rikstrygdeverket i slike saker vart prøvd for Høgsteretten i ein dom 10. januar 2002 i sak nr. 2000/033 (Randaberg-legane). Retten la til grunn at ein må sjå utbetalingar til legar med oppgjersavtale som enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 første leddet bokstav a, og at tilbakebetalingsplikta til legen er regulert av forvaltningslova § 35 om omgjerding av ugyldige vedtak. Når det har vore overforbruk/feilbruk av takstar, har vedtak om utbetaling ein materiell kompetansemangel som til vanleg må føre til at vedtaka ikkje gjeld. Høgsteretten la til grunn at spørsmålet om når vedtaka er å rekne som ugyldige og kan omgjerast til skade for legane, var nærare regulert i kollektivavtala frå 1997, der det klart går fram at tilbakebetalingsplikta kan vere avgrensa ut frå dei subjektive tilhøva hos legen.

Høgsteretten stadfesta i dommen praksisen med at tilbakekrevjinga kan vere avgrensa på subjektivt grunnlag. Retten opnar langt på veg for ei viss objektivisering av normen for aktsemda, og seier i samsband med dette: "[...] har jeg forståelse for at legene i dag bebreider trygdemyndighetene for ikke å ha varslet dem tidligere om den uriktige takstbruk. Jeg kan likevel ikke se at dette er avgjørende for legenes gode tro. Objektet for legenes kunnskap må først og fremst være regelverket og nødvendigheten av prøvetakingen under behandlingen av deres pasienter, og ikke hvorvidt trygdeetaten unnlot å reagere på eventuell overforbruk.." Høgsteretten kom til at legane i det aktuelle tilfellet ikkje hadde vore i aktsam god tru.

3.2 Forslaget frå Rikstrygdeverket

Rikstrygdeverket foreslo å lovfeste reglane om tilbakekrevjing retta mot til behandlarar og andre med avtale om direkte oppgjør etter folketrygdlova § 22-2. Rikstrygdeverket viste til at forslaget vil medføre ei lovfesting av den rettslege situasjonen etter dommen i Høgsteretten 10. januar 2002 (Randaberg-saka) og den langvarige praksisen på området.

Om behovet for lovfesting sa Rikstrygdeverket:

"Risikoen for at det foretas feilutbetaling til noen som har inngått avtale om direkte oppgjør er minst like høy som i de øvrige stønadsakene. Videre inngår Rikstrygdeverket i større grad enn før avtaler om direkte oppgjør etter forhandlinger med de enkelte behandlere/leverandører/tjenesteyteres foreninger. Dette innebærer at vilkårene for tilbakekreving er et forhandlingsspørsmål og en risiko for at løsningene ikke blir identiske. Riskstrygdeverket anser det derfor som viktig at også tilbakekrevingsadgangen overfor denne gruppen fremgår direkte av folketrygdloven.

Kontroll av de ulike oppgjørene utføres nå etter en risikovurdering, og ikke årlige kontroller. Dette innebærer bl.a. at det feilutbetalte beløpet kan være av en betydelig størrelse. I tillegg kommer at sakene ofte er kompliserte og kan inneholde mange vurderinger. Et vedtak med krav om tilbakebetaling vil kunne omfatte refusjoner tre år tilbake i tid, jf. foreldelsesloven.

Et vedtak om tilbakekreving avbryter imidlertid ikke foreldelse av kravet. For å avbryte foreldelse må oppgjørstrygdekontorene i dag enten inngå avtale om forlengelse av foreldelsesfristen, motregne det som til enhver tid står i fare for å bli foreldet eller ta ut forliksklage. Dersom man ikke har mulighet til å inndrive kravet i tilstrekkelig tempo, eller vedkommende ikke lenger leverer oppgjør til trygden, må man bringe saken inn for retten for å få dom for kravet.

En lovfesting av tilbakekrevingsadgangen vil medføre en betydelig forenkling for trygdens saksbehandling ved at vedtak om tilbakekreving kan inndrives ved trekk, som igjen avbryter foreldelse (forslagets § 22-14 femte ledd), samt gi tvangsgrunnlag. Dette medfører at staten ikke trenger gå til søksmål for å avbryte foreldelse / inndrive eventuelle krav."

3.3 Vurdering og forslag

Departementet legg til grunn at det i dag er skilnader mellom dei ulike gruppene av behandlarar og tenesteytarar når det gjeld tilbakebetalingsplikta etter mønsteravtalene om direkte oppgjjer. For andre enn legane har avtalene ein objektiv tilbakebetalingsregel, men det vert praktisert avgrensingar i tilbakebetalingsplikta i tråd med retningslinene i etaten og kollektivavtala for legane (krav om aktløyse), slik at skilnadene mellom gruppene nok ikkje er særleg store.

Departementet meiner at ei lovfesting slik Rikstryggdeverket foreslo vil gi ei ryddig og god løysing, og foreslår at reglane om tilbakekrevjing frå behandlarar mv. vert ein ny § 22-15 a i folketrygdlova. Omsynet til likebehandling og oversikt over situasjonen for dei aktuelle gruppene talar for dette. Reglar i lova vil gi klar og tilgjengeleg informasjon om spørsmålet, og det vert enklare å sjå reglane på området i høve til dei andre reglane om tilbakekrevjing.

Det vert foreslått at utgangspunktet i lova skal vere at feilutbetalingar til behandlings-personell mv. alltid skal krevjast tilbake. Dette tilsvarar den objektive tilbakebetalingsplikta etter mønsteravtalene for andre enn legar. Det vert likevel foreslått at tilbakekrevjing ikkje skal skje dersom utbetalinga hadde si årsak i feilaktige eller mangelfulle opplysningar frå Arbeids- og velferdsetaten eller gjeld behandling/tenester som ikkje var medisinsk nødvendige. Det siste unntaket skal likevel ikkje gjelde dersom behandlaren burde ha forstått at behandlinga mv. ikkje var naudsynt. Unntaka er i samsvar med praksis.

I tillegg vert foreslått teke inn i lova at vedtak om tilbakekrevjing etter den nye paragrafen skal vere tvangsgrunnlag for utlegg og at inndringa skal skje i tråd med det som gjeld etter lova § 22-15, forslaget til nytt femte ledd. Dette vil gi ei enklare handsaming enn i dag, av di tvangsinnkrevjing no kan skje først etter at ein har fått dom for kravet. Kravet vil etter forslaget kunne innkrevjast av Arbeids- og velferdsetatens innkrevjingsssentral etter reglane i bidragsinnkrevjingslova eller ved trekk i framtidige oppgjjer for behandling/tenester.

Feilutbetalingane som går inn under den nye paragrafen kan utgjere store beløp og gå over fleire år. Tilbakebetalingskravet vert forelda etter tre år, sjå lova om forelding §§ 2 og 3. Sjølv vedtaket om tilbakekrevjing er ikkje nok til å unngå forelding. For å unngå forelding, må ein anten få ei avtale om lengre frist eller ta saka til forliksrådet. Dei aktuelle sakene er ofte særskilte kompliserte og tar mykje tid, og det er stor risiko for at delar av tilbakebetalingskravet vert forelda.

For å redusere slike problem, er det i høve til tilbakekrevjing etter § 22-15 bestemt at trekk i trygdeytingar hindrar forelding (folketrygdlova § 22-14 femte leddet). Det vert foreslått at ein tek inn tilsvarande reglar i lova § 22-14 med omsyn til trekk i framtidige oppgjjer for behandling/tenester etter den foreslåtte nye § 22-15 a. Bakgrunnen er at det etter lova om forelding berre er tvangsfullføring som stoggar forelding, og trekkordningane etter folketrygdlova er ikkje tvangsfullføring. Derimot vil innkrevjing etter bidragsinnkrevjingslova normalt føre til at forelding vert stogga.

4. TILBAKEKREVJING VED INNTEKTSAVHENGIGE YTINGAR – FOLKETRYGDLOVA § 22-16

4.1 Gjeldande rett

Ei rekkje trygdeytingar vert redusert når mottakaren har arbeidsinntekt. Dette gjeld mellom anna alderspensjon mellom 67 og 70 år, pensjon til attlevande ektemake, overgangsstønad, uførepensjon og tidsavgrensa uførestønad. Tillegg for forsørgd ektemake/barn vert òg prøvde mot slik inntekt (og ei rekkje andre inntektsformer).

Folketrygdlova § 22-16 etablerer ei avrekningsordning i framtidige ytingar når det er utbetalt for høge ytingar på grunn av manglande melding om inntektsendringar. Ein kan da trekkje i ytinga som vert utbetalt med inntil 10 prosent av den enkelte utbetalinga. Paragrafen kan berre nyttast dersom inntekta på årsbasis er minst 10 prosent høgare enn ein rekna med ved fastsetjinga av ytinga.

Folketrygdlova § 22-16 har denne ordlyden:

”§ 22-16. Tilbakebetaling når inntektsavhengige ytingar er utbetalt med for stort beløp

Når en inntektsavhengig trygdeytelse som nevnt i andre ledd er utbetalt med for stort beløp, skal det som er utbetalt for mye, avregnes ved trekk i tilsvarende framtidige ytelser. Dette gjelder likevel bare når inntekten på årsbasis er minst 10 prosent større enn forutsatt ved fastsettingen av ytelsens størrelse og det er utbetalt for mye fordi mottakeren ikkje har gitt trygden melding om inntektsøkningen, se § 21-6.

Avrekningsordningen gjelder for

- a) ektefelle tillegg og barn tillegg som skal reduseres etter § 3-26,
- b) alderspensjon som skal reduseres etter § 19-6,
- c) etterlatte pensjon og overgangsstønad etter kapitlene 15, 16 og 17,
- d) tidsbegrenset uførestønad og uførepensjon når inntekten overstiger den fastsatte inntektsgrensen, se § 12-12.

Det som er utbetalt for mye, skal avregnes med opptil 10 prosent av den månedlige ytelsen. Bestemmelsen i § 22-15 fjerde ledd om fradrag for skatt m.m. gjelder tilsvarende. ”

Avrekninga etter paragrafen skjer i utgangspunktet på objektivt grunnlag. Det er ikkje noko vilkår at mottakaren kan lastast for at det ikkje er gitt melding om inntektsauken, men stønadstakarane har fått nødvendig informasjon om plikta til å melde frå om inntektsendringar gjennom stønadsbrev og annan standardinformasjon. Dei vil vanskeleg kunne hevde at dei var i aktsam god tru med omsyn til dette. Eit vilkår for avrekning er likevel at mottakaren objektivt sett har hatt noko å melde frå om.

Det er ikkje all endring i inntekta som går fram i ettertid som gir grunnlag for avrekning. For sjølvstendig næringsdrivande kan det vere slik at auka inntekt ikkje framgår før rekneskapen er klar. Dersom det ikkje har vore noka endring i drifta eller andre tilhøve som gjer at rekneskapsføraren/stønadstakaren objektivt sett burde ha forstått at inntekta ville bli høgare enn ein rekna med, vil det ikkje vere noko å melde frå om før rekneskapen er klar.

I nokre tilfelle vert den pensjonsgjevande inntekta auka på grunn av nye reglar om avskriving eller av andre skattetekniske grunnar. Eit medlem kan òg ha fått eit lønstillegg med verknad bakover i tid som gjer at inntekta vert for høg i tida som er gått. Han har ikkje hatt noko å melde frå om før han vart orientert om lønstillegget, sjølv om tillegget fører til at det formelt sett har skjedd ei feilutbetaling. Det er naudsynt med ei konkret vurdering for å avgjere om vilkåra for avrekning etter § 22-16 er oppfylte.

Avrekningsordninga er avgrensa til trekk i framtidige ytingar, og vedtak om avrekning gir ikkje heimel for andre tiltak, mellom anna ikkje tvangsfullføring på vanleg vis. Ein må da vurdere saka etter § 22-15 i lova (sjå punkt 2). Avrekning i «tilsvarende ytelse» er tidlegare forstått slik at avrekning kan skje dersom den same ytinga framleis vert utbetalt eller er avløyst av ei anna av ytingane som er nemnde i § 22-16 andre leddet.

4.2 Aktuelle endringar

Rikstrygdeverket foreslo at § 22-16 vert endra i retning av ei fullt ut objektiv avrekningsordning, og uttalte i samband med dette:

”Bestemmelsen er ment å være en objektiv avregningsregel. Det er ønskelig at medlemmet prøver seg i arbeidslivet eller utvider virksomheten. Det må da godtas at en i enkelte perioder har høyere lønn enn vilkårene for yting tilsier. Konsekvensen er avregning i fremtidig tilsvarende ytelse. Det stilles ikkje vilkår om uaktsomhet for å kunne avregne: Hensikten er at medlemmet ikkje skal føle tilbakebetalingskravet som stigmatiserende.

Problemet med dagens bestemmelse er at det i praksis har vært et vilkår om uaktsomhet for å foreta avregning. Aktsomhetsvurderingen knytter seg til *”fordi mottakeren ikkje har gitt trygden melding om inntektsøkningen”*.

Rikstrygdeverket foreslår å fjerne henvisningen til meldeplikten i dagens bestemmelse. Meldeplikten er tydelig presisert i folketrygdloven § 21-3. En ytterligere presisering i § 22-16 medfører at trygdekontoret må foreta en vurdering av om medlemmet hadde en inntektsøkning å melde fra om og fra hvilket tidspunkt medlemmet burde meldt fra. Forslaget medfører at bestemmelsen blir en ren objektiv regel om avregning. Avregning skal skje for hele feilutbetalingsperioden, og ikkje kun fra det tidspunkt vedkommende burde ha meldt fra om inntektsøkningen.”

Arbeids- og velferdsdirektoratet har seinare gjort departementet merksam på at Trygde-retten i ei avgjerd i 2004 (TRR-2004-03379) har lagt til grunn at ein ikkje kan avrekne for feilutbetalt alderspensjon mellom fylte 67 og 70 år i alderspensjon *etter* fylte 70 år, dvs. etter at alderspensjonen har slutta å vere inntektsavhengig. Fleirtalet i retten viste mellom anna til at ordlyden i § 22-16 første leddet (”trekk i *tilsvarende* framtidig ytelse”) og tilhøvet til § 22-15 talar for at trekk vert avgrensa til inntektsavhengige ytingar. Fleirtalet finn ikkje at det er grunn nok til å tolke § 22-16 slik at paragrafen reknast å gi heimel for avrekning i ytingar som ikkje er inntektsavhengige. Arbeids- og velferdsdirektoratet meiner at avgjerda i Trygderetten strir mot praksis og gir ei lite tenleg løysing.

4.3 Vurdering og forslag

4.3.1 Objektivisering av § 22-16

Forslaget frå Rikstrygdeverket medfører at ein tek ut passusen i § 22-16 første leddet om at ”det er utbetalt for mye fordi mottakeren ikke har gitt trygden melding om inntekts-økningen”. I praksis er dette forstått som det gjeld eit vilkår om aktløyse for å gjennomføre avrekninga etter paragrafen. Lova sjølv stiller likevel ikkje noko krav om at den manglande meldinga må ha si årsak i aktløyse. Det er nok å konstatere at det har skjedd ei inntektsendring som det ikkje er gitt melding om.

Departementet ser avrekningsordninga som ein enkel og grei måte å handtere inntektsendringane på. Ved inntektsavhengige ytingar kan det vere vanskeleg å fastsetje korrekt yting, mellom anna av di arbeidsinntekta kan variere mykje. Avrekninga er effektiv, og stønadstakarar som får avrekning treng ikkje å kjenne seg som ”trygdemisbrukar” sjølv om dei har hatt ei noko høgare inntekt i ein periode. Alternativet er ordinære tilbakekrevingssaker etter lova § 22-15, som både er langt meir arbeidskrevjande for Arbeids- og velferdsetaten og meir belastande for stønadstakarane.

Sjølv om passusen om manglande melding om inntektsendring nok ikkje var meint å medføre ei vurdering av mogleg aktløyse i saka, gir han likevel ei avgrensing av avrekningsordninga til tilfelle der melding kunne ha vore gitt. Det vil venteleg gi eit utvida virkeområde for avrekninga og ei enklare tilbakesøking for inntektsavhengige ytingar dersom det vert slått fast i lova at det er nok som grunnlag for avrekning at ytingane har vore for høge i høve til den inntekta som stønadstakaren faktisk har hatt. *Departementet meiner difor at forslaget til Rikstrygdeverket bør følgjast opp, slik at referansen til manglande melding om inntektsendring utgår frå paragrafen.*

Det er all grunn til å vere merksam på at avrekningsordninga ikkje er eit alternativ til plikta etter lova § 21-3 til å melde frå om inntektsendringar. Meldeplikta gjeld fullt ut, og prinsippet er at inntektsendringane skal følgjast opp med endring av ytingane frå det tidspunktet som følgjer av lova.

4.3.2 Ytingar det kan avreknast i

Departementet har ikkje grunn til å tru at ein ved utforminga av folketrygdlova § 22-16 har meint å avgrense trekk etter paragrafen til dei ytingane som konkret er rekna opp i det andre leddet. Etter avgjerda i Trygderetten, sett i samanheng med ordlyden i paragrafen, må ein rekne med at ein eventuelt ikkje vil kunne trekkje i alderspensjon etter fylte 70 år, av di dette ikkje er ei ”tilsvarende” = inntektsavhengig yting. Avgjerda til Trygderetten er likevel ikkje ei prinsippavgjerd og gir i seg sjølv ikkje grunn til endringar i praksis.

Departementet meiner at det kan vere grunn til å revurdere ordlyden i paragrafen for å gjere det klart og tydeleg kva paragrafen gir heimel for. Intensjonen er som nemnd å etablere ei enkel ordning for avrekning av for mykje utbetalte ytingar, utan at mottakaren må/kan lastast for feilen.

Feilutbetalingane som kan krevjast attende etter § 22-16 bør vere dei same som i dag, dvs. feilutbetalingar av inntektsprøvde forsørgingstillegg, alderspensjon mellom fylte 67 og 70 år, overgangsstønad og/eller pensjon til attlevande ektemake, attlevande familiepleiar eller einsleg forsørgjar, i tillegg til uførepensjon og tidsavgrensa uførestønad.

Med feilutbetalingar siktar ein til feilutbetalingar som har til årsak at inntekta har vore høgare enn ein rekna med ved fastsetjinga av ytinga. Når og i kva for mon det har skjedd ei feilutbetaling, må ein avgjere ut frå reglane om inntektsprøving av den enkelte av dei aktuelle ytingane, inkludert reglane i § 22-12 om tidspunktet for nedsetjing av ei yting på grunn av endra faktiske tilhøve. Ved inntektsprøvinga gjeld generelt ein regel om at det må skje ei inntektsendring på minst 10 prosent dersom ei yting skal kunne setjast opp eller ned. I enkelte av regelsetta er dette supplert med ein regel om at ei inntektsendring på 0,5 G eller meir, alltid fører til endring av ytinga.

I dag har § 22-16 første leddet ein passus om at inntektsendringa må utgjere minst 10 prosent dersom avrekning skal kunne skje. Departementet kan ikkje sjå at dette fører til andre resultat enn reglane om inntektsprøving av ytingane. Regelen kan difor utgå.

Departementet finn vidare at det er naudsynt med ei klarare avgrensing av kva for ytingar ein kan avrekne i. Ein bør da kunne avrekne i alle dei inntektsavhengige ytingane som er nemnde i paragrafen, også etter overgang frå ei av desse ytingane til ei anna av dei. Ein bør òg kunne avrekne i alderspensjon frå fylte 70 år på grunn av tidlegare feilutbetalingar. Bortfall av forsørgingstillegg, til dømes av di den forsørgde sjølv har fått rett til pensjon, bør ikkje medføre at ein ikkje kan trekkje for tidlegare feilutbetalte tillegg i den pensjonen som framleis vert utbetalt. Desse retningslinene er i tråd med praksis. Departementet finn i tillegg at heimelen for avrekning bør kunne nyttast i høve til andre ytingar som vert administrerte og utbetalte av Arbeids- og velferdsetaten. I første omgang kan det vere aktuelt å utvide avrekninga til å omfatte krigspensjon og ytingar etter den gamle lova om yrkesskadetrygd. Ei slik utviding vil ikkje ha særlege konsekvensar i praksis.

Lova vert etter dette foreslått endra i tråd med retningslinene ovanfor. Det vert foreslått ei viss omdisponering av lovteksten, slik at § 22-16 første leddet slår fast heimelen til å avrekne, inkludert avgrensinga av trekket til maksimalt 10 prosent av ytinga som vert utbetalt, andre leddet seier kva for feilutbetalingar som vert omfatta, og tredje leddet slår fast kva for ytingar ein kan gjere trekk i. Sjå lovforslaget.

DEL II – TILTAK MOT TRYGDDEMISBRUK

5. KRAV OM KONTROLLUNDERSØKINGAR – FOLKETRYGDLOVA § 21-3 TREDJE LEDDET

Etter folketrygdlova § 21-3 tredje leddet kan trygdeorgana – når dei finn det nødvendig – krevje at den som har sett fram krav om eller får ei yting lar seg undersøkje eller intervju av ein lege eller andre sakkunnige. Det er ikkje mogleg for Arbeids- og velferdsetaten å avgjere om ein person har rett til ei yting, eller avdekkje misbruk av ytingar, med mindre etaten kan skaffe seg nødvendig informasjon og opplysningar. § 21- 3 tredje leddet har denne ordlyden:

”Trygdens organer kan kreve at den som krever eller mottar en ytelse, lar seg undersøke eller intervju av lege eller annen sakkyndig dersom de finner at det er nødvendig.”

Eit pålegg om å la seg undersøkje eller intervju av lege må reknast som ei svært inngripande plikt, og det er nødvendig med ein klar lovheimel for å påleggje slike plikter, mellom anna på bakgrunn av krava som følgjer av personopplysningslova.

Slik regelen er formulert, kan ein spørje om lovheimelen er klar nok til å påleggje ein person å la seg undersøkje eller intervju av ein lege *ved etterfølgjande kontroll av ytingar*. I ei konkret sak var det til dømes spørsmål om ein familie som fleire gonger hadde vore utsett for ulykker i utlandet, kunne få pålegg om legek kontroll i ettertid. Familien hadde tidlegare kravd og fått utgiftene på sjukehus dekte av folketrygda. Da dei kom ut for enda ei ulykke, ville trygdekontoret kontrollere. I praksis er det eit klart behov for slik kontroll.

I den gamle folketrygdlova § 14-2 siste leddet framgjekk det klart at ein kunne få pålegg om undersøking *hos den legen mv. som etaten ville ha ei erklæring frå*. Dette vart ikkje med i den nye folketrygdlova. Det går likevel fram av Ot.prp. nr. 29 side 179 at regelen var meint å tilsvare gjeldande rett. Dette er i samsvar med NOU 1990:20 Forenklet folketrygd der utvalet ”vil peke på at rettssikkerhetsbetraktninger taler sterkt mot at trygdeetaten bruker behandlende lege som sakkyndig i en trygdesak. De sakkyndige skal som saksbehandlere være objektive og nøytrale ved behandlingen av saken.”

Erfaringa viser at den behandlende legen i mange tilfelle – forståeleg nok – opptrer som ”advokat” for pasienten i trygdesaka. Arbeids- og velferdsetaten treng objektive erklæringar, og er avhengig av tillit til den legen som skriv erklæringa. Spesielt er dette viktig i saker der det er mistanke om trygdemisbruk. I slike samanhengar er det ein klar føremon å unngå diskusjonar om etaten kan rekvirere ”nøytrale” legeerklæringar. Det kan likevel vere spesielle årsaker til at ein person ikkje ønskjer å la seg undersøkje av ein bestemt lege. Det kan til dømes dreie seg om menn frå andre kulturar som ikkje ønskjer å la seg undersøkje av kvinnelege legar. Etaten bør da vere open for forslag.

Rikstrygdeverket foreslo å endre lova slik at det går klart fram at plikta til å la seg undersøkje/intervju gjeld i alle tilhøve med kontrollbehov, inkludert kontroll i høve til tid som er gått, og at etaten kan krevje undersøking hos ein bestemt lege mv.

Departementet er samd i forslaga frå Rikstrygdeverket og meiner at ein bør endre lova i tråd med skissa ovanfor. Sjå forslaget til endringar i folketrygdlova § 21-3 tredje leddet.

6. HENTING AV OPPLYSNINGAR – FOLKETRYGDLOVA § 21-4 FØRSTE LEDDET

6.1 Gjeldande rett

Folketrygdlova § 21-4 første leddet gir hovudreglane om henting av opplysningar i samband med behandlinga av ei trygdesak, inkludert kontroll. Leddet har denne ordlyden:

”Ved behandling av krav om ytelser eller kontroll av løpende ytelser og tidligere utbetalte ytelser etter denne loven har Arbeids- og velferdsetaten rett til å innhente nødvendige opplysninger fra behandlingspersonell og andre som yter tjenester for trygdens regning. Det samme gjelder i forhold til arbeidsgiver, tidligere arbeidsgivere, offentlig myndighet, bank, Posten Norge AS, forsikringsselskap, privat pensjonsordning, utdanningsinstitusjon, samt Statens lånekasse for utdanning. De som blir pålagt å gi opplysninger, plikter å gjøre dette uten godtgjørelse.”

Reglane om henting av opplysningar og fråsegner mv. er avgjerande når Arbeids- og velferdsetaten skal avgjere om ein person har rett til ei yting og for å avsløre misbruk av ytingar. Det er vesentleg at reglane er omfattande nok med omsyn til kva for opplysningar ein kan få og kven som kan påleggjast opplysningsplikt. Det er òg viktig at reglane klart går fram av lova, inkludert vilkåra for henting av opplysningar.

6.2 Behov for endringar

Rikstrygdeverket foreslo ei rekkje endringar i folketrygdlova § 21-4 første leddet med sikte på presisering og i nokon mon utviding av heimelen til å hente opplysningar og fråsegner:

- a) Presisere heimelen til å hente opplysningar i samband med etterfølgjande kontroll av ytingar og ytingar som vert utbetalte ein gong for alle.
- b) Lovfeste retten til å hente journalar frå legar mv.
- c) Erstatte omgrepet ”behandlingspersonell” med ”helsepersonell”
- d) Presisere ordlyden i leddet i høve til henting av opplysningar frå behandlarar, offentlege instansar og pensjonsordningar
- e) Utvide krinsen ein kan hente opplysningar frå til oppdragsgjevarar, ordningar for barnetilsyn og finansinstitusjonar.

Etterfølgjande kontroll av ytingar som vert utbetalte ein gong for alle

Retten til å hente opplysningar gjeld etter ordlyden ”ved behandling av krav om ytelser eller kontroll av løpende ytelser”. Sjølv om det i praksis er lagt til grunn at regelen gir heimel for henting av opplysningar med sikte på etterfølgjande kontroll av ytingar som vert utbetalte ein gong for alle, går dette ikkje klart fram av ordlyden. Samstundes skjer utbetalinga av desse ytingane ofte med eit mål om snøgg handsaming, slik at kontroll til ein viss grad må skje i ettertid. Det vil vere ein føremon ved henting av opplysningar at ein kan vise til klar heimel.

Presisering av heimelen til å krevje journalar

Heimelen til å hente opplysningar etter § 21-4 første leddet omfattar journalane til behandlarar, både i høve til å vurdere retten til stønad for enkeltpersonar og til å vurdere refusjonskrava mot

Arbeids- og velferdsetaten frå behandlarar, tenesteytarar eller leverandørar. Journalar er likevel ikkje direkte nemnde i leddet, og ein har ofte hatt diskusjonar med behandlingsspersonell med omsyn til i kva mon etaten kan hente journalar, mellom anna av di denne gruppa er usikker på dette i høve til den profesjonelle teieplikta. Det kan ta månader å få nødvendige opplysningar.

Det har òg vore diskusjonar med Legeforeninga om etaten kan krevje *fullstendige* journalar. Etaten har meint at det er etaten sjølv som må vurdere kva som er "nødvendige opplysningar". Arbeids- og velferdsetaten hentar ikkje rutinemessig fullstendige journalar. I regelen er kravet om opplysningar meir avgrensa. I nokre tilfelle er det likevel nødvendig med fullstendige journalar, til dømes når pasienten urettmessig krev stønad og har gitt ulike opplysningar til ulike behandlarar, i samband med omfattande eller spesielle saker om takstbruken til behandlarar eller som ledd i saker der ein har mistanke om at ein lege skriv falske legeerklæringar.

Erstatte ordet "behandlingsspersonell" med "helsepersonell"

Ordet "behandlingsspersonell" i folketrygdlova § 21-4 første leddet er ikkje definert. Helsepersonellova § 3 gir ein definisjon av "helsepersonell", som Rikstrygdeverket meinte burde brukast i trygdesamanheng, mellom anna av omsyn til samanhengen i lovverket. Forslaget var ikkje meint å medføre noka realitetsendring.

Andre presiseringar i krinsen som har plikt til å gi opplysningar

Folketrygdlova § 21-4 første leddet gir Arbeids- og velferdsetaten rett til å hente opplysningar frå "behandlingsspersonell og andre som utfører tjenester for trygdens regning". Lova er ikkje klar med omsyn til om "yter tjenester for trygdens regning" refererer seg berre til "andre" eller også til behandlingsspersonell. Arbeids- og velferdsetaten har eit klart behov for å hente opplysningar frå helsepersonell utan omsyn til om dei er knytta til Arbeids- og velferdsetaten (har refusjonsrett), og det er lagt til grunn at gjeldande reglar opnar for dette. Ordlyden i § 21-4 bør presiserast i tråd med praksis.

Lovparagrafen opnar vidare for henting av opplysningar frå "offentlig myndighet". Endringar i driftsform og organisering av tidlegare statlege verksemdar har ført til at omgrepet "offentlig myndighet" dekkjer færre instansar enn før. Ein kan ikkje bruke omgrepet "offentlig myndighet" med mindre instansen på eit eller anna vis utøver offentleg "myndighet". Det er vanskeleg å avgrense mot offentlege instansar som heilt eller delvis driv næringsverksemd. Rikstrygdeverket meinte at det er behov for å hente opplysningar frå offentlege instansar, utan omsyn til driftsform og organisering, og foreslo at "offentlig myndighet" vert erstatta med "offentlig virksomhet", slik at heimelen for opplysningar vert om lag så omfattande som før.

Etaten kan òg hente opplysningar frå "privat pensjonsordning". Rikstrygdeverket peika på at pensjonsordningar kan vere organiserte som kommunale, statlege eller private ordningar. Det synest ikkje grunn til at dette skulle verke inn på plikta til å gi Arbeids- og velferdsetaten opplysningar. Rikstrygdeverket foreslo at ein nyttar omgrepet "pensjonsordning", som omfattar både offentlege og private pensjonsordningar. Endringa er i alt vesentleg i tråd med praksis.

Utviding av krinsen som har plikt til å gi opplysningar

Rikstrygdeverket foreslo at "barnetilsynsordningar" og "finansinstitusjonar" får plikt til å gi opplysningar til trygda.

Skular, barnehagar og andre som har tilsyn med barn vil ofte ha informasjon som kan vere nødvendig i stønadssaker. Dette vil særleg vere aktuelt i saker om dekning av utgifter, til dømes saker om stønad til barnetilsyn eller utdanningsstønad til einslege forsørgjarar. Informasjon om stønadstakaren faktisk er på utdanningsinstitusjonen eller om barn faktisk er til stades i barnehagen vil kunne vere avgjerande. Gjeldande reglar gir heimel for å hente opplysningar frå "utdanningsinstitusjon", som samleomgrep for ulike slag skular, universitet, mv.

Rikstrygdeverket meinte at ein bør utvide heimelen til å omfatte barnetilsynsordningar, både offentlege og private. Med barnetilsynsordning siktar ein til barnehagar som er omfatta av barnehagelova, barneparkar og andre tilbod om barnepass, til dømes dagmamma. Det er berre aktuelt å hente opplysningar frå ei barnetilsynsordning som stønadstakaren oppgir å bruke.

Behovet for henting av opplysningar frå utdanningsinstitusjonar eller ordningar for barnetilsyn gjeld òg i høve til ytingar *etter lova om bidragsforskott*, som eventuelt vil kunne vise til den aktuelle paragrafen i folketrygdlova.

Når det gjeld finansinstitusjonar, gir lova i dag heimel til å hente opplysningar frå bankar. For å få informasjon frå bankane, må Arbeids- og velferdsetaten opplyse om kven det gjeld og kva slag opplysningar ein ønskjer. Det er ikkje meininga at etaten skal kunne krevje ei komplett kontoutskrift som avdekkjer heile forbruksmønsteret til personen. Aktuelle opplysningar vil særleg vere informasjon om lønn, regelmessige innskot av kontantar og overføring av større beløp til utlandet. Arbeidet mot trygdemisbruk har vist at heimelen til å hente bankopplysningar kan vere avgjerande ved kontrollen med om stønadstakarar eller helsepersonell har hatt rett til ytinga/trygderefusjonen. Rikstrygdeverket foreslo difor at heimelen vert utvida til å omfatte *finansinstitusjonar generelt*. Med finansinstitusjonar meiner ein selskap, foretak eller andre institusjonar som driv finansieringsverksemd, jf. lov 10. juni 1988 nr. 40 om finansieringsvirksomhet § 1-3 og ligningslova § 6-4.

6.3 Vurdering og forslag

God informasjon er naudsynt med tanke på eit effektivt arbeid mot trygdemisbruk. Arbeids- og velferdsetaten står sentralt i dette arbeidet, av di det er denne etaten som kjenner reglane og handsamar sakene, og difor er nærast til å avsløre misbruk. Politiet vil nesten alltid vere avhengig av informasjon frå Arbeids- og velferdsetaten. Eit effektivt arbeid mot trygdemisbruk har til føresetnad at etaten er rusta til å avsløre misbruk så tidleg som mogleg.

I dei seinare åra har ein sett døme på organisert trygdemisbruk, "nettverk" der helsepersonell, arbeidstakarar og bedrifter samarbeider med sikte på å få ut pengar frå folketrygda på ein urettmessig måte. Ein effektiv kamp mot slike "nettverk" må ha sitt grunnlag i god nok tilgang på informasjon, for ein del anna slag informasjon enn i høve til misbruk frå den einskilde.

Ut frå dette vil departementet slutte seg til forslaga frå Rikstrygdeverket om utvidingar og presiseringar i folketrygdlova § 21-4 første leddet som gjort greie for i punkt 6.2. Forslaga vil gjere det mogleg å få stansa feilaktige utbetalningar på eit tidlegare tidspunkt. Som i dag bør det

vere eit klart vilkår i lova at heimelen til henting av opplysningar er avgrensa til det som er nødvendig for å vurdere om vilkåra for den aktuelle ytinga er oppfylte. Henting av opplysningar må med andre ord vere knytta til ei konkret stønads sak og gjelde namngjevne personar, anten det dreier seg om kontroll ved framsetjinga av kravet eller i samband med etterfølgjande kontroll.

I samband med dei nemnde endringane foreslår ein omformuleringar i lova § 21-4 første leddet:

- Første punktumet vert omskrive slik at det skal gå klarare fram at henting av opplysningar er avgrensa til det som er nødvendig for å kontrollere om vilkåra for ei yting er oppfylte eller har vore oppfylte i tid som er gått.
- Andre punktumet reknar opp kva for personar/instansar som får plikt til å gi opplysningar. "Bank" utgår i opprekninga av di "finansinsitusjon" kjem inn som eit meir omfattande omgrep. Tilsvarende kan "Statens lånekaske for utdanning" utgå av di "offentlig myndighet" vert endra til "offentlig virksomhet". "Posten Norge AS" vert skifta ut med "postoperatør", sjå definisjonen i postlova § 3 bokstav b. "Barnetilsynsordning" kjem inn som ny instans.
- Tredje punktumet presiserer at opplysningsplikta for helsepersonell omfattar journalar.
- Fjerde punktumet er identisk med noverande tredje punktumet.

Til slutt nemner ein at den foreslåtte opplysningsplikta for barnetilsynsordningar har eit anna innhald enn heimelen i § 21-4 tredje leddet andre punktumet til å påleggje skular å gi rutinemessige meldingar når elevar har fråver som kan ha si årsak i opphald i utlandet.

7. PLIKT TIL Å GI ERKLÆRINGAR OG FRÅSEGNER – FOLKETRYGDLOVA § 21-4 ANDRE LEDDET

7.1 Gjeldande rett

Folketrygdlova § 21-4 andre leddet har denne ordlyden:

"De som gir behandling eller yter tjenester for trygdens regning, plikter etter krav fra trygdens organer å gi de erklæringer og uttalelser som er nødvendige for at trygdens organer skal kunne vurdere rettigheter og plikter etter denne loven. Det samme gjelder andre særskilt sakkyndige. I en legeerklæring om sykefravær plikter legen å opplyse om en sykdom eller en skade kan ha sammenheng med arbeidssituasjonen."

Med heimel i denne regelen kan Arbeids- og velferdsetaten krevje at behandlarar, og i tillegg personar/institusjonar som utfører tenester som vert betalte av trygda, gir dei erklæringane eller fråsegnene som trygdeorgana treng for å avgjere krav om ytingar. Visse problem knytta til henting av medisinske erklæringer frå sakkunnige har vore tema i ei årrekkje. Problematikken er utførleg gjort greie for i NOU 2000: 23 Forsikringsselskaps innhenting, bruk og lagring av helseopplysningar, jf. NOU 2004: 3 Arbeidsskade-forsikring. Legeerklæringer mv. vil ofte stå sentralt i saka, og det kan vere store konfliktar omkring kva for lege som skal nyttast (legen som behandlar pasienten kontra legen som Arbeids- og velferdsetaten peikar ut). Henting av opplysningar/erklæringer frå privat helsepersonell fører med seg særskilte problem.

7.2 Aktuelle endringar

Rikstrygdeverket foreslo desse endringane:

- a. Erstatte omgrepet ”den som gir behandling” med ”helsepersonell”.
- b. Presisere reglane slik at det klart går fram at plikta til å gi erklæringar gjeld utan omsyn til om behandlaren har rett til trygderefusjon, og utan omsyn til om stønadstakaren er pasient hos behandlaren frå før.
- c. Lovfeste at det kan fastsetjast satsar for å gi erklæringar.

Erstatte ”den som gir behandling” med ”helsepersonell”

Ein viser til punkt 6 om den tilsvarande endringa i lova § 21-4 første leddet.

Presisering av kven som har plikt til å gi erklæring eller uttale seg

Etter reglane har ”de som gir behandling eller yter tjenester for trygdens regning” plikt til å gi erklæringar/fråsegner. Som når det gjeld § 21-4 første leddet, kan det vere uklart om ”for trygdens regning” knytter seg både til dei som ”gir behandling” og dei som ”yter tjenester”. I praksis har dette ført til at behandlarar utan refusjonsrett (privat helsevesen) har reist spørsmålet om dei er omfatta av plikta til å gi erklæringar. Pasientar som nyttar helsepersonell utan refusjonsrett har opplevd at desse personane nektar å gi erklæring, eller ikkje vil gi erklæring for dei satsane som etaten har. Resultatet kan vere at ein må få erklæringa frå ein lege som ikkje kjenner sjukehistoria til pasienten.

Rikstrygdeverket har meint at alt helsepersonell kan få pålegg om å skrive erklæringar mv. Plikta til å gi erklæringar bør òg omfatte helsepersonell som ikkje har/har hatt pasienten til behandling. Dette vil ofte vere aktuelt i saker der etaten krev ei spesialisterklæring, til dømes i kompliserte yrkesskadesaker. Sjukehusa har ofte lang ventetid i slike saker, og for å få ei rask behandling kan det vere naudsynt å hente erklæringar frå privatpraktiserande helsepersonell.

Betaling for erklæringar frå helsepersonell utan refusjonsrett

Honorartakstane for legeerklæringar vert fastsette av Arbeids- og velferdsdirektoratet. Det står ikkje noko om dette i lova, men § 21-4 andre leddet om plikta til å gi erklæringar har til føresetnad at *erklæringane* skal godtgjerast (medan det i § 21-4 første leddet går fram at opplysningane etter dette leddet vert gitt utan godtgjersle).

Enkelte behandlarar utan driftsavtale nektar å skrive erklæringar etter satsane til Arbeids- og velferdsetaten. Dette kan føre til store problem ved handsaminga av sakene. Til dømes kan det oppstå problem på yrkesskadeområdet når reglane om fritt val av sjukehus medfører at ein yrkesskadd vert behandla ved ein privat klinikk utan driftsavtale. Når trygda seinare har behov for ei spesialisterklæring, må ein vise pasienten til ein behandlar med driftsavtale dersom legen ved den private klinikken ikkje vil gi erklæringa til dei satsane som etaten bruker.

Pasientane har behov for å dokumentere helsesvikt utan omsyn til om helsepersonellet er knytta til det offentlege helsevesenet og utan omsyn til sin eigen økonomiske situasjon. Det er ein føresetnad i takstane for erklæringar at helsepersonell ikkje kan krevje tilleggsbetaling frå pasienten. Bakgrunnen for dette er at opplysningane vert henta som eit ledd i handsaminga av

saka i Arbeids- og velferdsetaten og at utgifter i samband med dette ikkje skal falle på pasienten. På bakgrunn av dette foreslo Rikstrygdeverket at det vert lovfesta at etaten kan fastsetje satsar for fråsegner/erklæringar og samstundes gjere det klart at det ikkje kan krevjast tilleggsbetaling frå pasienten for slike erklæringar, heller ikkje av helsepersonell utan refusjonsrett.

7.3 Vurdering og forslag

Som nemnd vil erklæringar frå legar og andre sakkunnige ofte stå sentralt i trygdesakene. Det er avgjerande at både Arbeids- og velferdsetaten og den som har fremja kravet om ei yting kan lite på at slike erklæringar gir eit objektivt bilete av dei faktiske tilhøva. For samfunnet kan det dreie seg om uttellingar over ei lang årrekkje, som akkumulerte vil utgjere eit stort beløp. Det er viktig at desse uttellingane går til dei formåla som lova tar sikte på, og like viktig at den einskilde faktisk får dei ytingane som lova er meint å gi.

Arbeids- og velferdsetaten har primært til oppgåve å ta seg av interessene til den einskilde og sjå til at saka er godt opplyst i alle relasjonar som verkar inn på avgjerda. Departementet meiner difor at Arbeids- og velferdsetaten bør ha det avgjerande ordet når det gjeld kva slag erklæringar ein bør ha og kven som i tilfelle skal gi erklæringa. Dette må reknast som gjeldande rett, og tilsvarande synest det klart at lova alt i dag må vere å forstå slik at plikta til å gi erklæringar omfattar alt helsepersonell, inkludert helsepersonell i privat helsevesen. Departementet meiner difor at forslaga til presiseringar av desse tilhøva bør følgjast opp, sjå forslaget til endringar i folketrygdlova § 21-4 andre leddet.

Sjølv om det til sist må vere Arbeids- og velferdsetaten som styrer hentinga av erklæringar frå legar og andre sakkunnige, er dette ikkje til hinder for at ein i rimeleg grad kan ta omsyn til ønskje frå den som har fremja krav om ei yting, til dømes i spørsmål om supplerande erklæringar.

Når det gjeld helsepersonell i privat helsevesen, meiner departementet at dei har plikt til å gi erklæringar til Arbeids- og velferdsetaten og at lova bør presiserast for å få dette klarare fram. Det må òg vere tenleg at lova vert supplert slik at det ikkje er tvil om at pasienten ikkje skal betale eigendelar i samband med erklæringar som etaten vil ha.

Departementet ser det slik at plikta til å gi legeerklæringar må vere ein del av pliktene til helsepersonell som i ei eller anna form er knytta til det offentlege helsevesenet. Driftstilskot mv. frå det offentlege må vere å sjå på som ei godtgjersle mellom anna for slike erklæringar. Ein kan ikkje seie det same om helsepersonell i privat helsevesen. Med den same nominelle godtgjersla for ei erklæring som til offentleg helsepersonell, vil dei i realiteten få mindre betalt for det same arbeidet. Depepartementet reknar med at dette er ein del av årsakene til problema i høve til erklæringar frå privat helsevesen. *Departementet vil difor reise spørsmål om slike erklæringar bør godtgjerast med ein noko høgare sats enn erklæringar frå offentleg helsepersonell.*

8. KONTROLLOPPLYSNINGAR OG KONTROLL PÅ STADEN - FOLKETRYGDLOVA NY § 21-4 A

8.1 Bakgrunn

Arbeids- og velferdsetaten har hand om store verdier, og det er viktig for samfunnet å hindre trygdemisbruk. Arbeidet mot trygdemisbruk har avdekt at enkelte arbeidsgjevarar, trygdemottakarar og helsepersonell er svært kreative i freistnadene på å bedra Arbeids- og velferdsetaten. Til dømes kan arbeidsgjevarar og arbeidstakarar samarbeide, slik at arbeidstakaren får sjukepengar frå Arbeids- og velferdsetaten, samstundes som vedkomande er i arbeid og har inntekt som ikkje vert oppgitt til skatteetaten, ”svart” løn. Slikt organisert samarbeid, som òg kan involvere helsepersonell, er svært vanskeleg å avdekkje med dei kontrollmetodane som etaten har i dag. Nokre former for misbruk kan ikkje bli avdekt gjennom den ordinære kontrollen til etaten, men først etter at politiet har ransaka og teke beslag hos den det gjeld.

Ved mistanke om misbruk av sjukepengar ved samarbeid mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar, er Arbeids- og velferdsetaten avhengig av samarbeid med skatteetaten for å få utlevert regnskapsmateriale som kan seie noko om kven som utfører arbeid i bedrifta, til dømes lønslister og liknande. Skatteetaten vil ikkje alltid prioritere samarbeid i slike saker, som kan vere avgrensa i omfang for denne etaten, men har heilt andre dimensjonar for Arbeids- og velferdsetaten.

Spesielt med sikte på å effektivisere arbeidet mot organisert trygdemisbruk, foreslo Rikstrygdeverket at lova får ein paragraf som:

- Gir heimel for å krevje kontrollopplysningar frå tredjemann og opplysningar om andre personar enn stønadstakarar.
- Gir heimel for bruk av kontroll på staden (besøk på arbeidsplassar mv.).

Det er ein føresetnad at slik heimel berre kan nyttast når det ein har grunn til mistanke om at det urettmessig vert utbetalt eller er utbetalt ytingar eller refusjonar frå folketrygda.

8.2 Vurdering og forslag

Arbeids- og inkluderingsdepartementet er samd i at det er behov for nye åtgjerder i dag, der utviklinga av informasjonsteknologi og aukande ferdsel over landegrensene gir styresmaktene nye utfordringar. Dersom trygdemisbruk berre kan bli avdekt gjennom samarbeid mellom trygda og politiet eller skatteetaten, er det fare for at misbruket ikkje vert avslørt tids nok. Begge desse samarbeidspartnarane har eigne prioriteringar, og det er grenser for dei ressursane dei kan bruke til å hjelpe Arbeids- og velferdsetaten. Før slik hjelp vert gitt, kan det òg vere naudsynt med formelle prosedyrar som tek tid.

Det er eit generelt problem ved kontrollarbeid at kontrollen per definisjon kjem i etterkant, og dette problemet aukar når dei første kontrollørane ikkje har verktøy som er gode nok. Når ein i tillegg tek med at det ved organisert misbruk kan vere ein del av misbruks-strategien at situasjonen berre eksisterer i eit avgrensa tidsrom, til dømes at ei bedrift med seriesjukmelding av arbeidstakarar vert lagt ned relativt raskt, vert det vanskeleg å unngå at misbruksstrategien gir resultat.

Departementet ser det slik at det først og fremst er tidsaspektet som tilseier at Arbeids- og velferdsetaten får betra sjansane til sjølv å avdekkje trygdemisbruk gjennom utvida heimel til å krevje opplysningar og til å gjennomføre kontroll på staden. Dette vil vere eit svært viktig supplement til samarbeidet med politiet eller skattetaten m.fl.

I samband med forslaget peika Rikstrygdeverket på at ein kan gøyme inntekt frå arbeid ved at inntekta går inn på kontoen til ein annan person eller ved at inntekta vert kamuflert ved at arbeids-/oppdragsgjevar i staden for løn betaler rekningar for husholdsutgifter, låneavdrag, kredittkort mv. For å avdekkje om slike utbetalningar eller slikt samarbeid er i strid med reglane i folketrygdlova, vil det i nokre tilfelle vere nødvendig å hente opplysningar om andre enn stønadstakaren. I andre lover finn ein ei rekkje paragrafar som gir generell heimel til å hente opplysningar, sjå til dømes konkurranselova § 24 første leddet og pristilsynslova § 3 andre leddet.

Når det gjeld effekten av dei aktuelle tiltaka, kan ein nemne at trygdemisbruksseksjonen og dei regionale teama har vore med på aksjonar i restaurantbransjen og bygg- og anleggsbransjen i regi av andre kontrollatar og politiet, og da har kontrollert om dei som er på arbeidet er innmeldte i Arbeidsgjevar- og arbeidstakarregisteret og om dei har trygdeytningar som ikkje går i hop med arbeidet. Dette har dei seinare åra resultert i at ca 20 stønader er stansa, medan fleire titalls saker er under vurdering.

Departementet meiner på denne bakgrunnen at lova bør supplerast med ein paragraf som gir Arbeids- og velferdsetaten heimel til å krevje opplysningar i andre tilfelle enn dei som vert omfatta av gjeldande reglar (med dei utvidingane som er foreslåtte i notatet her). Opplysningar som ein kan hente med ein slik generell heimel, er til dømes rekneskaps-materiale eller opplysningar om kor ein person reint faktisk bur, til dømes informasjon frå leiar av eit burettslag der det er eit vilkår for stønad at stønadstakaren bur aleine.

Departementet ser òg eit klart behov for at Arbeids- og velferdsetaten får ein sjølvstendig heimel til kontrollar på staden (besøk på arbeidsplassen mv.). Andre etatar, til dømes skatteetaten, har høve til dette, og Rikstrygdeverket/Arbeids- og velferdsetaten har vore med desse etatane på kontrollar med godt resultat i høve til arbeidet mot trygdemisbruk. Det vert difor foreslått at Arbeids- og velferdsetaten får heimel til kontroll på staden.

Det bør vere eit vilkår for slik utvida opplysningsplikt og for kontroll på staden at det er grunn til mistanke om trygdemisbruk. Åtgangen til å krevje opplysningar eller utføre kontroll på staden bør leggjast til Arbeids- og velferdsdirektoratet eller til særskilte einingar i Arbeids- og velferdsetaten med erfaring frå arbeidet mot trygdemisbruk. Desse einingane vil kunne vurdere om det er grunn nok til kontroll på staden eller om opplysningane frå tredjemann er naudsynte.

Når det gjeld kontroll på staden, meiner departementet at det bør gå klart fram av lova kva som skal skje under slike kontrollar. Lova bør for det første slå fast at ein kan krevje åtgang til lokala som verksemda bruker. Ved kontrollen bør ein kunne krevje at arbeidstakarane identifiserer seg, slik at ein kan kontrollere om vedkomande er innmeldt i AA-registeret eller får ytingar som ikkje kan kombinerast med arbeidet. Ein bør òg kunne krevje innsyn i rekneskapar eller andre dokument som kan klarleggje dette.

Ved besøk på arbeidsplassar der etaten har vore med, er det avdekt at ca. 40 prosent av arbeidstakarane ikkje er innmeldte i AA-registeret. Desse bedriftane har som hovudregel ikkje

vore utplukka tilfeldig, og resultata er difor ikkje representative for næringslivet eller for den aktuelle bransjen. Det er likevel ingen tvil om at verdien av AA-registeret vert redusert på grunn av manglande innmelding frå arbeidsgjevarar. Eit mangelfullt AA-register fører til reduserte kontrolleffekt av registeret for offentlege organ (skatteetaten, politiet, Arbeids- og velferdsetaten), og ein heimel til kontroll på staden vil kunne vere til hjelp med omsyn til betre kvalitet på dei data ein finn i registeret.

Departementet viser til forslaget til ein ny § 21-4 a i folketrygdlova.

9. UTVEKSLING AV INFORMASJON MED FORSIKRINGSSKAP MV. – FOLKETRYGDLOVA NY § 21-4 B

9.1 Bakgrunn

Etter folketrygdlova § 21-4 kan Arbeids- og velferdsetaten berre få tilgang til opplysningar som det gjeld teieplikt for dersom det vert gitt pålegg om dette med grunnlag i behandlinga av ei konkret sak. Det er grunn til å rekne med at trygdemisbruk ikkje vert avslørt eller vert avslørt for seint av di personar/institusjonar som kjenner til misbruk eller tilhøve som kan tyde på misbruk, ikkje kan gi opplysningar av eige tiltak. Dersom det vert etablert ein åtgang til dette for personar og institusjonar som etter folketrygdlova § 21-4 kan få pålegg om å gi Arbeids- og velferdsetaten nødvendige opplysningar, vil det klart nok styrke arbeidet mot trygdemisbruk.

Eit slikt forslag vart fremja i Ot.prp. nr. 60 for 2001-2002, men ikkje vedteke i Stortinget, jf. Innst. O. nr. 56 for 2001-2002. Mellom anna viste ein til at krinsen som ville kunne gi opplysningar var for omfattande og at høyringa var mangelfull. Forslaget i proposisjonen omfatta *alle* som kunne få pålegg om å gi opplysningar i samband med handsaminga av ei sak. Ein meinte òg at forslaget kunne tenkjast å skade tilliten mellom dei som fekk åtgang til å gi opplysningar av eige tiltak og deira klientar/pasientar.

I høyringa til proposisjonen sa Finansnæringens Hovedorganisasjon mellom anna dette:

”Hensynet til å beskytte tillitsforholdet mellom institusjonen og kunden er ikkje like beskyttelsesverdig hvis det er begått kriminelle handlinger. Finansinstitusjoner ønsker på et generelt grunnlag å bidra med opplysninger for at kriminelle forhold kan bli oppdaget og påtalt. FNH stiller seg derfor ikkje avvisende til et forslag som innebærer en lemping av taushetspliktreglene med det formål å forebygge og avdekke trygdemisbruk.

.....

Forslaget om opplysningsrett for finansinstitusjoner er ny også for forsikringsselskaper. Etter FNHs syn er forslaget på ingen måte uproblematisk. Dersom finansinstitusjoner skal ha en rett til å utlevere taushetsbelagt informasjon til Arbeids- og velferdsetaten, må finansinstitusjonen i hvert enkelt tilfelle vurdere i hvilke situasjoner opplysningsretten skal benyttes (for eksempel i forhold til handlingens alvorlighetsgrad), hva slags informasjon som skal utleveres i det enkelte tilfelle, og i hvilket omfang informasjon skal gis. En opplysningsrett vil derfor kunne være vanskelig å håndtere for ansatte i institusjonene. I forholdet mellom institusjonen og kunden vil en slik vurderingsregel kunne tenkes å skape usikkerhet og uforutsigbarhet i forhold til kunden og hans tillit til at institusjonen bevarer taushet om kundeforholdet.

Men det finnes også tungtveiende argumenter i motsatt retning. Forsikringsselskapene sitter i dag ofte med opplysninger fra svindelsaker som er av betydning for Arbeids- og velferdsetatens utredninger i misbrukssaker, men hvor utlevering er avhengig av en utleveringsbegjæring fra Arbeids- og velferdsetaten. En adgang til å gi opplysninger vil i så henseende være fordelaktig.

FNH vil derfor etter en helhetsvurdering ikkje motsette seg at banker, forsikringsselskaper og andre finansinstitusjoner av eget tiltak og uten hinder av lovbestemt taushetsplikt kan gi opplysninger til Arbeids- og velferdsetaten om mulig straffbar tilegnelse av trygdemidler.”

Med utgangspunkt i dette tok Rikstrygdeverket på nytt opp å etablere ein rett for finansinstitusjonar/forsikringsselskap til å gi opplysningar av eige tiltak utan hinder av teieplikt.

I brev 6. juli 2006, vedlagt eit notat med nærare omtale av saka, har Finansnæringens Hovedorganisasjon slutta seg til ønsket frå Rikstrygdeverket om ein slik heimel i lova, og foreslår samstundes at Arbeids- og velferdsetaten på dei same vilkåra får rett til å varsle finansinstitusjonar om fare for forsikringssvindel.

I Dok. nr. 8:87 (2006-2007) har stortingsrepresentantane Elisabeth Aspaker, André Oktay Dahl, Martin Engeset og Bent Høie fremja eit lovforslag identisk med det som vart fremja i Ot.prp. nr. 60 for 2001-2002, men ikkje vart vedteke i Stortinget. Representantane viser til behovet for effektivisering av arbeidet mot trygdemisbruk. Forslaget er ført opp til handsaming i Stortinget hausten 2007.

9.2 Vurdering og forslag

Da forslaget om ein rett til å varsle trygdeetaten av eige tiltak og utan hinder av teieplikt vart fremja i Ot.prp. nr. 60 for 2001-2002, la ein vekt på at teieplikta i nokre samanhengar faktisk er eit vern for kriminelle. Dersom nokon kjenner til trygdemisbruk eller tilhøve som kan tyde på dette, burde vedkomande få høve til å melde frå og ikkje vere tvungen til passivt å sjå på at det offentlege feilaktig utbetaler store beløp. Samstundes synest faren for uheldige utslag av ein slik opplysningsrett å vere avgrensa. Arbeids- og velferdsetaten er pålagt ei streng teieplikt og er van med til å handtere sensitive opplysningar. Det er ingen grunn til å tru at opplysningane kjem i urette hender.

På bakgrunn av dette ser Arbeids- og inkluderingsdepartementet ingen avgjerande argument mot å etablere ein heimel for å gi Arbeids- og velferdsetaten opplysningar som det gjeld teieplikt for av eige tiltak. Sjå til samanlikning § 2-17 i lova om finansierings-verksemd om retten til å varsle Økokrim om moglege straffbare tilhøve. I motsetning til forslaget som vart fremja i Ot.prp. nr. 60 for 2001-2002, bør likevel ein rett til å gi opplysningar av eige tiltak i utgangspunktet vere avgrensa til finansinstitusjonar, forsikringsselskap og pensjonsinnretningar. Ein må rekne med at slike institusjonar i særleg grad vil kunne ha eller få opplysningar som indikerer trygdemisbruk. Forsikringsselskapa behandlar skadesaker som ligg nær opp til sakene i Arbeids- og velferdsetaten, og ofte vil det versere sak på grunnlag av dei same tilhøva både i etaten og i forsikringsselskapet.

Om samanhengen mellom trygd og forsikring vert det i notatet som følgde med brevet 6. juli 2006 frå Finansnæringens Hovedorganisasjon sagt dette:

”En uførepensjon som er tegnet i et forsikringsselskap tilsvarer i de fleste tilfeller mellom kr. 40 000 og kr. 150 000. Uførepensjonen utbetales etter utløpt karens og så lenge som uførheten varer. Når krav om utbetaling behandles i forsikringsselskapet skal selskapet foreta en selvstendig vurdering i hht selskapenes egne vilkår. Likevel vil trygdeetatens beslutning om tilstått attføringspenger, rehabiliteringspenger eller uførepensjon være den vesentligste dokumentasjon ved forsikringsordninger som sikrer rettigheter ved tap av arbeidsevne, liv eller helse. Selskapene innhenter både medisinske opplysninger og vedtaksopplysninger fra trygdekontoret.

I mange forsikringssaker vil trygdeopplysningene være den eneste eller den viktigste dokumentasjonen som ligger til grunn for selskapets avgjørelse. Dette gjelder ved forsikringer om uføreerstatninger, herunder både pensjon og kapitalerstatning og yrkesskadeerstatning, men også ved ulykkesdekninger som erstatter medisinsk invaliditet.

Enkelte forsikringsordninger er også, etter lovgivers påbud, bygget opp slik at forsikringsselskapet *er forpliktet* til å legge trygdeetatens vurderinger og vedtak til grunn. Dette dreier spesielt om reglene som er gitt for individuelle pensjonsavtaler i Forskrift til utfylling og gjennomføring mv. av skatteloven av 26. mars 1999 nr. 14 § 6-47 -19 og i Lov om foretakspensjon § 6-1 og § 6-2. I forsikringsprodukter som bygger på dette regelverket vil trygdens avgjørelse om uføregrad og uførevarighet være *helt avgjørende*. Når rettigheter etter trygden bortfaller, bortfaller rettigheter etter forsikringsordningen også som en følge av dette.”

Departementet meiner at ein heimel til å informere bør vere avgrensa til *tilhøve som har medført eller kan medføre urettmessig mottak av trygdeytningar*. Det bør vidare vere *frivillig* å gi informasjon av eige tiltak, ikkje ei plikt tilsvarande plikta til å følgje pålegg frå etaten om å gi opplysningar i enkelttilfelle. Etter mønster av § 2-17 sjuande leddet i lova om finansieringsverksemd bør personar og institusjonar som gir informasjon i god tru, ikkje kunne gjerast ansvarlege for dette.

Departementet har òg kome til at forslaget frå Finansnæringens Hovedorganisasjon om ein tilsvarande opplysningsrett for Arbeids- og velferdsetaten i høve til forsikringsselskap og pensjonsinnretningar bør følgjast opp. Det er ei samfunnsinteresse å hindre forsikrings-svindel, og forsikringsselskap eller pensjonsinnretningar vil ha den same interessa og nytten av varsling som Arbeids- og velferdsetaten. Ein viser til det som er sagt ovanfor om samanhengen mellom trygd og forsikring, inkludert sitatet frå Finansnæringens Hovedorganisasjon, som mellom anna peikar på at forsikringssvindel har vist den same tendensen til å auke som misbruket av dei offentlege trygdeordningane.

En heimel for Arbeids- og velferdsetaten til å varsle forsikringsselskap og pensjonsinn-retningar bør kunne utformast om lag som varslingsretten i høve til etaten, jf. forslaget til ny § 21-4 b i folketrygdlova. Varslingsretten må omfatte tilhøve som kan medføre eller har medført urettmessige utbetalningar for selskapet eller pensjoninnretninga, og gjelde tilfelle der Arbeids- og velferdsetaten har gjort feilutbetalningar som kan krevjast tilbake, dvs. tilfella der mottakaren forsto eller burde ha forstått at utbetalinga hadde si årsak i ein feil.

Arbeids- og velferdsetaten vil etter dette i praksis berre kunne bruke varslingsretten dersom etaten kjenner til at det verserer ei sak for, eller vert gitt utbetalingar frå, eit konkret forsikringsselskap eller ei pensjonsinnretning. Denne føresetnaden vil ikkje alltid vere til stades, og varslingsretten har da ingen praktisk verdi. Det synest å vere med tanke på dette at Finansnæringens Hovedorganisasjon i brevet sitt tar opp spørsmålet om Arbeids- og velferdsetaten eventuelt kan melde aktuelle saker til Hovedorganisasjonen, som lagar eit eige register som selskapa kan bruke til kontrollseek. Med ei slik løysing må *alle* saker med urettmessige utbetalingar bli meldte til organisasjonen, utan omsyn til om Arbeids- og velferdsetaten har konkret mistanke om forsikringssvindel. Dette går vesentleg lengre enn utgangspunktet om å hindre mogleg forsikringssvindel i konkrete tilfelle, og lengre enn den foreslåtte varslingsretten i høve til Arbeids- og velferdsetaten.

Departementet meiner i utgangspunktet at varslingsretten berre bør gjelde i høve til konkret mistanke om forsikringssvindel, men finn likevel grunn til å be om høyringsinstansane sitt syn på spørsmålet, dette ut frå at ei ordning som skissert vil vere ei klar effektivisering av arbeidet mot forsikringssvindel.

Departementet viser til forslaget til ny § 21-4 b i folketrygdlova.

Som nemnd meiner departementet at forslaget her vil sikre varslingsrett i tilfella der dette vil vere særleg viktig og der det er mest sannsynleg at varsling vil føre til resultat. Det er likevel klart at ein varslingsrett for alle som kan få pålegg om å gi opplysningar til Arbeids- og velferdsetaten, slik ein gikk inn for i Ot.prp. nr. 60 for 2001-2002 og slik det nå er foreslått i Dok. nr. 8:87 for 2006-2007, vil kunne bidra til ei effektivisering av arbeidet mot trygdemisbruk. Departementet ber difor om kommentarar frå høyringsinstansane til ein slik meir omfattande varslingsrett.

10. OPPLYSNINGAR TIL ANDRE FORVALTNINGSORGAN – ARBEIDS- OG VELFERDSFORVALTNINGSLOVA § 7

Etter forvaltningslova § 13 b nr. 5 er teieplikt etter § 13 ikkje til hinder for at forvaltningsorganet gir andre forvaltningsorgan opplysningar om tilhøvet som ein person har til organet og vedtak ein har gjort, og det same gjeld andre opplysningar når det er naudsynt for å fremje oppgåvene til avgjevarorganet. Nr. 6 i paragrafen utvidar dette ved at "kontrollmyndighet" kan få opplysningar om lovbrøt mellom anna når dette synest "ønskelig av allmenne omsyn".

De nemnde reglane i forvaltningslova gjeld i utgangspunktet også for Arbeids- og velferdsetaten, jf. arbeids- og velferdsforvaltningslova § 7 første leddet, men høvet til å gi opplysningar til andre forvaltningsorgan vert avgrensa i det andre leddet i den nemnde paragrafen. Ein kan berre gi opplysningar til andre forvaltningsorgan så langt det er nødvendig for å fremje oppgåvene til Arbeids- og velferdsetaten eller for å hindre vesentleg fare for liv eller alvorleg skade på helse.

Grensene for heimelen til å gi opplysningar til andre forvaltningsorgan gjer at Arbeids- og velferdsetaten i liten grad kan hjelpe andre offentlege etatar til å hindre økonomisk kriminalitet på sine ansvarsområde. Det vil i regelen ikkje vere mogleg for etaten å utlevere faktaopplysningar og forvaltningsvedtak til andre offentlege organ av eige tiltak.

Arbeids- og velferdsetaten har i nokre tilfelle konkret dokumentasjon på at det er gitt falske opplysningar til andre forvaltningsorgan. Til dømes vart ein person meldt for trygde-misbruk av di vedkomande hadde fått ytingar som einsleg forsørgjar i ein periode da vedkomande var gift. Under hovudforhandlinga kom det fram at den tiltalte hadde gitt falske opplysningar om ekteskapet til Utlendingsdirektoratet for at "ektemaken" skulle få løyve til opphald i Noreg. Dette ga frifinning i trygdesaka, men på den andre sida var da opphaldsløyvet for "ektemaken" oppnådd på falske premisser. Opplysningane om dette kunne likevel ikkje bli gitt til Utlendingsdirektoratet. Av andre døme kan ein nemne at NAV utland observerer at studentar som får stønad frå Statens lånekassefor å studere i utlandet på same tid får dagpengar i Noreg, utan at Lånekassa kan bli informert.

Ut frå dette foreslo Rikstrygdeverket at etaten får det same høvet til å gi opplysningar som andre forvaltningsorgan har etter forvaltningslova, dvs. å kunne gi visse opplysningar til andre offentlege etatar utan hinder av teieplikt.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet er samd i at det i større grad enn i dag bør vere mogleg for Arbeids- og velferdsetaten å hjelpe andre offentlege etatar når det gjeld å hindre urettmessig utbetaling av offentlege pengar. *Det vert difor foreslått at heimelen for etaten til å bruke forvaltningslova § 13 b nr. 5 og 6 til å gi andre forvaltningsorgan opplysningar vert utvida ved at reglane skal kunne nyttast "for å hindre urettmessig utbetaling av offentlige midler", jf. forslaget til tillegg i arbeids- og velferdsforvaltningslova § 7 andre leddet første punktu.*

Departementet finn likevel at det ut frå formuleringane i forvaltningslova § 13 b nr. 5 og 6 kan vere uklart i kva mon og i kva for tilfelle ein kan gi opplysningar til andre organ. Dette vil i tilsvarende grad redusere sjansane for effektiv hjelp i kampen mot økonomisk kriminalitet. Det er difor eit spørsmål om ein bør etablere ein sjølvstendig heimel for unntak frå teieplikta. Vi ber om høringsinstansane sitt syn på dette.

11. GEBYR OG TVANGSMULKT NÅR OPPLYSNINGSPLIKTA IKKJE VERT OPPFYLT – FOLKETRYGDLOVA §§ 25-3 OG 25-12

11.1 Gjeldande rett

Etter gjeldande reglar er det ikkje særskilte sanksjonar knytta til ikkje å følgje opp opplysningsplikta for stønadstakarar eller behandlingsspersonell mv. Dette gjeld anten den manglande oppfølginga har form av at opplysningar ikkje vert gitt eller at det vert gitt feilaktige opplysningar. Tilhøvet kan likevel vere straffbart etter reglane i folketrygdlova § 25-12 eller strengare straffebud (særskilt aktuelle er reglane i straffelova § 270, 271 eller 271a om bedrageri) og føre til tilbakekrevjing av eventuelle feilutbetalningar.

Når det gjeld manglande meldingar om arbeidstakarar til AA-registeret, kan dette føre til at arbeidsgjevaren får gebyr, og ein kan òg få tvangsmulkt per dag til meldinga vert gitt.

I innstillinga frå Sanksjonsutvalet (NOU 2003: 15) vert det foreslått at straffereglane i særlover i vid utstrekning vert erstatta av reglar om administrative sanksjonar. Administrative sanksjonar skal takast inn i den enkelte særlova, men ein får reglar i forvaltningslova som supplerer reglane i særlovene og etablerer eit mønster for korleis slike sanksjonsordningar skal sjå ut.

Folketrygdlova § 25-12 er nemnd mellom dei straffereglane som Sanksjonsutvalet meiner bør opphevast, òg av di denne paragrafen ikkje vert brukt i praksis. Dette reiser spørsmål om

strafferegelen bør erstattast av reglar om gebyr eller tvangsmulkt, til dømes ved manglande oppfyljing av opplysningsplikta etter folketrygdlova.

11.2 Vurdering

Arbeids- og inkluderingsdepartementet legg til grunn at gebyr eller tvangsmulkt ikkje vil vere nødvendig/relevant i høve til ein stønadstakar som ikkje oppfyller opplysningsplikta. Dersom han eller ho ikkje gir opplysningar som Arbeids- og velferdsetaten må ha, vil resultatet bli at det vert gitt avslag på kravet om ytingar eller at ein stansar ytinga som personen får. Feilaktige opplysningar frå stønadstakaren som fører til for høge ytingar, fører til krav om tilbakebetaling dersom feilen kan lastast stønadstakaren, sjå pkt. 3. I slike tilfelle vil det òg vere aktuelt å krevje renter av beløpet som krevjast tilbake, sjå punkt 12.5. Dersom tilhøvet skulle vere så grovt at det vert meldt som bedrageri, vil dette kome i tillegg. Det synest ikkje behov for andre reaksjonar enn dei nemnde.

I høve til behandlingsspersonell, arbeidsgjevarar eller andre tredjemenn som etaten kan ha behov for opplysningar frå (sjå punkta 5-8), vil reaksjonar som gebyr eller tvangsmulkt vere meir relevante og tenlege. Tiltale etter straffelova vil òg kunne tenkjast i desse sakene, men dette vil vere unntaka.

For å sikre oppfyljing av opplysningsplikta, må tvangsmulkt vere den mest tenlege reaksjonen. Departementet vil særleg peike på tilfella der behandlingsspersonell ikkje gir erklæringar/fråsegner som Arbeids- og velferdsetaten har bedt om innan rimeleg tid. Dette fører til stans i saksbehandlinga, og går til sist utover stønadstakaren som saka gjeld.

Henting av økonomiske opplysningar frå arbeidsgjevarar, andre pensjonsinnretningar eller frå finansinstitusjonar vil i regelen ikkje ha *heilt* den same vekt i høve til fortgang i saka som erklæringane frå behandlingsspersonell. Ofte vil økonomiske opplysningar heilt eller delvis kunne skaffast på anna vis. Tvangsmulkt vil likevel også her kunne føre til at ein får betre opplysningar på eit tidlegare tidspunkt.

Gebyr kan tenkjast brukt i to situasjonar: Der opplysningar ikkje er gitt innan ein fastsett (rimeleg) frist, og der opplysningar er gitt, men det i etterhand kjem for ein dag at opplysningane er feilaktige eller mangelfulle. I begge tilfella vil gebyr kunne brukast i kombinasjon med tvangsmulkt inntil opplysningsplikta vert oppfylt på korrekt vis.

Eit gebyr vil klart nok ikkje kunne bøte på konsekvensane av at det i første omgang vert gitt uriktige opplysningar. Verknadene vil i hovudsak vere preventive. Den som vert avkrevd opplysningar vil i regelen faktisk kunne gi opplysningane, slik at feil i realiteten anten vil vere bevisste eller ha si årsak i at opplysningane vert gitt utan god nok sjekking av dei faktiske tilhøva. Eit gebyr vil difor auka interessa for å gjere ein god jobb i første omgang, slik at kvaliteten i på opplysningane ein hentar vert betre og opplysningane kjem på eit tidlegare tidspunkt (dersom gebyrordninga er kjent for den som gir opplysningane).

I nokre tilfelle vil feilaktige opplysningar, til dømes frå arbeidsgjevar, vere ledd i organisert trygdemisbruk, og eit gebyr vil da vere ein inadekvat reaksjon. Alt etter tilhøva vil det her vere grunnlag for erstatningskrav og tiltale etter straffelova. Ei gebyrordning vil sjølvstendig ikkje stenge for slike sanksjonar.

Ei eventuell gebyrordning vil måtte omfatte heile spekteret av tilfelle med mangelfull oppfylling av opplysningsplikta, frå slurvefeil til bevisste feil. Dersom ein tenkjer seg ei enkel gebyrordning, vil storleiken på gebyret vanskeleg kunne fastsetjast etter ei individuell vurdering av den einskilde saka. Utgangspunktet bør difor vere eitt og same gebyr i alle saker, men slik at det eventuelt er mogleg å auke gebyret i kvalifiserte tilfelle.

Som nemnd er det etablert ei ordning med gebyr og tvangsmulkt i høve til plikta til å melde arbeidstakarar til AA-registeret. Denne ordninga vil kunne vere mønster for ei tilsvarande ordning i høve til opplysningsplikta etter folketrygdlova § 21-4. Dette gir ei ordning med desse hovudtrekka:

- Gebyret utgjer eit halvt rettsgebyr (per 1. januar 2007 kr. 430,-).
- Tvangsmulkten utgjer 0,003 G for kvar dag (per 1. mai 2006 kr. 189,-).
- Gebyr vert brukt dersom ein må sende purring for å få inn opplysningane. Føresetnaden er da at det vert gitt ein frist til å gi opplysningane.
- Tvangsmulkt vert pålagt dersom ein må sende purring og har gitt ein ny frist med varsel om tvangsmulkt etter at denne fristen har gått ut. Dersom opplysningane ein har fått er feilaktige eller mangelfulle, kan tvangsmulkt bli pålagt etter ein fastsett kort frist for å korrigere feilen/mangelen.
- Pålagt gebyr/tvangsmulkt kan ein få ettergitt.

11.3 Forslag

Arbeids- og inkluderingsdepartementet reknar med at ei ordning med gebyr/tvangsmulkt vil kunne føre til betre oppfylling av opplysningsplikta etter folketrygdlova § 21-4. *Departementet foreslår difor at det vert etablert ei slik ordning, som i første omgang bør kunne tilsvare ordninga med gebyr/tvangsmulkt ved meldingane til AA-registeret.* Desse reglane står i folketrygdlova § 25-3 med forskrifter. Forslaget medfører ei omarbeiding av lovparagrafen med sikte på å ta inn reglar om gebyr og tvangsmulkt i samband med opplysningsplikta etter folketrygdlova § 21-4 og ny § 21-4 a (sjå punkt 8). *Departementet foreslår òg at strafferegelen i folketrygdlova § 25-12 vert oppheva, jf. innstillinga frå Sanksjonsutvalet. Sjå lovforslaget.*

I tråd med lovforslaget bør forskrifta om gebyr/tvangsmulkt i relasjon til AA-registeret bli omarbeidd og tilpassa ei ordning med gebyr/tvangsmulkt knytta til opplysningsplikta etter folketrygdlova §§ 21-4 og 21-4 a. I samband med dette vil forskrifta bli presisert på bakgrunn av nokon tvil om forskrifta gir heimel for gebyr når manglande melding vert oppdaga til dømes ved besøk på arbeidsplassar. Departementet meiner ein alt i dag har heimel for gebyr i alle tilfelle der melding om arbeidstakarar ikkje vert gitt frivillig, men først etter påtrykk frå det offentlege i ei eller anna form. Skriftleg purring er utgangspunktet, men påtale under kontroll på staden (sjå punkt 8) må vere nok som grunnlag for gebyr. Sanksjonen er som nemnd meint å kunne nyttast i alle tilfella der melding i samsvar med reglane ikkje skjer frivillig.

DEL II RENTER OG ERSTATNING I TRYGDESAKER

12. RENTER OG ERSTATNING I TRYGDESAKER

12.1 Gjeldande rett

12.1.1 Folketrygdlova § 22-17

Folketrygdlova § 22-17 har denne ordlyden:

”Trygden gir ikke renter ved etterbetaling av ytelser.

Trygden kan fra utbetalingstidspunktet kreve renter med 0,5 prosent pr. måned ved tilbakekreving av ytelser etter § 22-15 første ledd første punktum. Det kan ellers ikke kreves renter.”

Regelen i det første leddet er i samsvar med norsk rett, som tradisjonelt har vore lite villig til å gi rentetapserstatning utan positiv heimel i lov eller avtale, jf. Krüger: Pengekrav (1984) s. 396 og NOU 1974: 54 Renter ved forsinket betaling mv. s. 21-26.

Heimelen i det andre leddet til å krevje renter i saker der ytingar vert krevde attende frå mottakeren (sjå punkt 2), vert ikkje nytta i praksis. Bakgrunnen for dette er i stor grad regelen i første leddet om at stønadstakarane heller ikkje får rentekompensasjon ved etterbetalingar.

12.1.2 Erstatning

Det er ein nær samanheng mellom renter og erstatning etter skadeserstatningslova eller alminnelege erstatningsrettslege reglar. Erstatning vil kunne tenkjast å dekkje rentetap i tilfella der renter ikkje vert gitt på grunn av regelen i lova § 22-17. Tilsvarende vil erstatning kunne dekkje eventuelle terminar med ytingar som ikkje vert omfatta av reglane om etterbetaling (folketrygdlova § 22-13). Reglane i folketrygdlova, som *klart nok* tar sikte på å avgrense ansvaret for trygda i dei aktuelle situasjonane, får da ingen verknad.

Folketrygdlova har ingen reglar om tilhøvet til erstatningsretten. Reglane om etterbetaling har likevel i stor grad dei same måla som dei erstatningsrettslege reglane. Dette gjeld først og fremst reglane om utvida etterbetaling av ytingar når trygdeorgana har gjort feil som har medført at ein person ikkje har fått ytingar som kunne ha vore gitt.

Hovudregelen om etterbetaling – folketrygdlova § 22-13 tredje leddet – er at ytingar vert gitt for inntil tre månader før kravet vart sett fram. Ein kan setje fram krav når som helst etter at vilkåra for ei yting er oppfylte, men ein kan ikkje få ytingar for ein lengre periode tilbake enn tre månader før kravet, sjølv om det vert dokumentert at vilkåra for ytingane har vore til stades vesentleg lengre. Etter lova § 22-13 fjerde leddet vert perioden med etterbetaling utvida frå tre månader til tre år for alderspensjon, barnpensjon og menerstatning ved yrkesskade.

Folketrygdlova § 22-13 sjette leddet medfører at ytingar kan bli gitt for inntil tre år attende, mellom anna dersom vedkomande ikkje har sett fram krav av di trygdeorgana har gitt misvisande opplysningar. Utgangspunktet for etterbetalinga vert det tidspunktet da vedkomande gjorde krav på ytinga etter å ha blitt klar over situasjonen. Det er eit vilkår for etterbetaling i tre år at vilkåra for ytinga har vore oppfylte i desse åra. Rundskrivet på området seier at det òg må vere godtgjort

at personen har framlagt konkrete spørsmål i samband med informasjonssituasjonen og sjølv har gitt dei opplysningane som var nødvendige. Eit tilfeldig spørsmål er ikkje nok. – Inn under omgrepet misvisande opplysningar høyrer òg manglande opplysningar, jf. forvaltningslova § 11.

Etter folketrygdlova § 22-14 fjerde leddet vert retten til etterbetaling utvida dersom ein person har fått heilt eller delvis avslag av di Arbeids- og velferdsetaten har gjort feil. Det same gjeld dersom årsaka til avslaget er feil eller manglar ved opplysningane i saka som ikkje skriv seg frå stønadstakaren, til dømes feil i sosialrapportar, legeerklæringar e. l. Trygda har ansvaret for sine rådgjevarar. Det er ikkje naudsynt at nokon i trygdeorganet har handla aktlaust ved behandlinga av saka. I desse tilfella vert ytingane gitt frå det tidspunktet dei skulle ha vore gitt dersom kravet hadde vore godteke første gongen det vart behandla. Dette gjeld utan omsyn til reglane i foreldingslova, som eventuelt ville ha ført til at ein større eller mindre del av dei aktuelle terminbeløpa ville ha vore forelda.

Reglane om ekstraordinær etterbetaling og erstatningsreglane samsvarar ikkje. Det er ikkje eit vilkår for utvida etterbetaling at vilkåra for å gi erstatning er til stades. Etterbetalingsreglane er utforma for å gi rimelege resultat og famnar fleire omsyn enn erstatningsretten. Det vesentlege er likevel at desse reglane er utforma som ei fullstendig regulering av ansvaret for folketrygda i den enkelte saka. Ein la difor til grunn *at folketrygdlova § 22-17 første leddet om at renter ikkje vert gitt ved etterbetaling, og sjølv reglane om avgrensa periodar med etterbetaling, må reknast å gi ei full regulering av kva ein kan få på grunnlag av retten til ytingar etter folketrygdlova.* Reguleringa i folketrygdlova vart sett på som ei spesialregulering av erstatningsansvaret som nemnd i skadeserstatnings-lova § 5-5, slik at den sistnemnde lova ikkje kan brukast.

Området for erstatningsretten når det gjeld folketrygda vert etter dette *dei sakene som ikkje er omfatta av reglane om etterbetaling.* Dei klareste eksempla på slike saker vil vere tilfella der feilinformasjon frå Arbeids- og velferdsetaten har ført til at ein person ikkje opptener rett til ei yting. Det kan da ikkje skje noka etterbetaling. I slike tilfelle er det gitt erstatning etter vanlege erstatningsrettslege reglar og på vanlege erstatningsrettslege vilkår. I slike tilfelle vert det òg gitt renter etter forseinkingsrentelova.

I den seinare tida har domstolane likevel gitt erstatning i tilfelle som klart er omfatta av etterbetalingsreglane i folketrygdlova. Den viktigaste av desse domane er avgjerda til Høgsteretten i Abrahamsen-saka 25. oktober 2002. Med tre mot to stemmer kom retten til at staten måtte vere erstatningsansvarlig i høve til ekteparet Abrahamsen. Ekteparet hadde fått etterbetaling i tre år i samsvar med folketrygdlova § 22-13 sjette leddet. Ein la til grunn at det meir enn 10 år tidlegare var gitt feilinformasjon på trygdekontoret som førte til at krav om ytingar ikkje vart sett fram. Ved dommen fekk ekteparet erstatning tilsvarende dei terminane med ytingar som ekteparet hadde gått mista på grunn av feilinformasjonen på trygdekontoret. Høgsteretten vurderte likevel berre det prinsipielle spørsmålet om reguleringa i folketrygdlova er fullstendig, slik at skadeserstatningslova ikkje gjeld. Derimot vurderte ikkje retten om vilkåra for erstatning var oppfylte, av di staten ikkje ville gjere gjeldande innvendingar på dette punktet.

I samband med denne dommen bør ein nemne at fråsegner frå førstvoterande i dommen er forstått slik at regelen i folketrygdlova § 22-17 første leddet òg får gjennomslag i saker med erstatning i tillegg til ekstraordinær etterbetaling på grunn av feil, jf. slutten av første avsnitt på side 11 i dommen. Dette er seinare lagt til grunn i ein dom i Høgsteretten 15. desember 2006 (HR-2006-02110-A).

12.2 Spørsmålet om endringar

12.2.1 Ny folketrygdlov og spørsmålet om renter i trygdesaker

Spørsmålet om å gi renter ved etterbetaling av trygdeytingar, vart drøfta av Trygdelovutvalet i NOU 1990: 20. Utvalet meinte at ein burde sjå nærare på ei renteordning i trygdesaker, men tok ikkje opp forslag om dette (side 699).

I Ot prp nr 29 for 1995-96 om ny folketrygdlov blei gjeldande rett om renter ved etterbetaling foreslått teke inn på nytt. Proposisjonen la opp til ein reint lovteknisk revisjon, og spørsmålet om renter ved etterbetaling vart ikkje drøfta. I Innst O nr 46 for 1996-97 pkt 22.1 slutta sosialkomiteen seg til dette, men bad om at rentespørsmålet vart vurdert.

På bakgrunn av dette tok departementet opp til vurdering spørsmålet om ei renteplikt. Dette har teke lang tid, mellom anna av di det har vore nødvendig å avvente resultatet av sakene som har versert for domstolane, først og fremst den nemnde Abrahamsen-saka.

12.2.2 Sivilombudsmannen sitt syn

Sivilombudsmannen har i fleire saker har bedt om ei revurdering av avslag på krav om renter, sjå mellom anna ein artikkel i Juristkontakt 7/98 med tittelen "Erstatning fra folketrygden for rentetap". Sivilombudsmannen tilrådde òg ein part å gå til sak mot staten med krav om renter, jf. årsmeldinga frå Sivilombudsmannen for 2001 side 26 flg. Som nemnd har seinare dommar i Høgsteretten løyst spørsmålet.

12.2.3 Dok. nr. 8:41 for 1998-99

I Dok nr 8:41 (1998-99) foreslo representantane Nesvik og Alvheim innføring av ei renteplikt i trygdesaker. Forslaget vart ikkje vedteke, sjå i Innst. O. nr. 79 for 1998-99.

12.3 Departementet si vurdering

12.3.1 Prinsipielle synspunkt

Det går eit klart skilje mellom krav på ytingar frå folketrygda og vanlige formuerettslege krav. Formuerettslege krav har grunnlag i skriftlege eller muntlege avtaler om fast eigedom, lausøyre eller tenester, medan grunnlaget for ytingar frå folketrygda er eit vedtak i Stortinget (lovvedtak og/eller budsjettvedtak), eventuelt utfyllt ved forskrift gitt av Kongen eller vedkomande departement. Formålet er å sikre inntekt i periodar da ein person ikkje kan forsørge seg ved eige arbeid, eller å kompensere for enkelte meirutgifter på grunn av sjukdom mv. Til grunn for beslutningane i Stortinget ligg politiske mål.

Slik folketrygda vert finansiert i dag, er systemet at utbetalinganevert betalt av dei som er yrkesaktive i dag (pay as you go-prinsippet). Det vert betalt arbeidsgjevaravgift og trygdeavgift som går til trygdeformål, og arbeidsinntekt og betaling av trygdeavgift er eit vilkår for rett til sjukepengar og opptening av tilleggspensjon. Det er ikkje noko samband mellom innbetalt avgift

og retten til ytingar på anna vis. Alle som er busette i Noreg er med i folketrygda og har krav på ytingar i samsvar med lova, inkludert ikkje-yrkesaktive, men ytingane kan vere lågare enn for personar som har hatt arbeidsinntekt.

Når grunnlaget for eit krav er ei einsidig beslutning av Stortinget, er det mindre naturleg å knytte renter til ei meir eller mindre mangelfull oppfylling av kravet enn når det gjeld formuesrettslege krav. I mange tilfelle vil ein måtte akseptere ei ventetid før ytinga kjem til utbetaling, til dømes ved uførepensjon, der ein må ha legeerklæringar mv.

Sjølv om vilkåra for ei yting var oppfylt da kravet vart fremja, eventuelt òg på eit tidlegare tidspunkt, er det ikkje særleg sterke argument for å gi renter for terminar som fell innanfor rammen av ei rimeleg behandlingstid. Ein kan likevel peike på at behandlingstida regelmessig vil føre til eit inflasjonstap, men til vanleg av bagatellmessig storleik. Når det gjeld renter for terminar før kravet, vil det likevel vere eit motargument at den einskilde i utgangspunktet sjølv må ta risikoen for tap på grunn av eige sommel. Den som har fremja kravet kan òg vere skuld i at behandlingstida vert lengre enn nødvendig (sein respons på spørsmål frå etaten, ikkje gå med på nødvendige undersøkingar etc.).

Ei renteordning i trygdesaker kan tenkjast å ha ulike mål – godtgjersle for ikkje å kunne disponere pengane, kompensasjon for inflasjonstap eller ”strafferrente” (”straff” for etaten). De ulike måla vil i praksis i stor grad flyte saman, utan at det synest grunn til å skilje dei frå kvarandre. Innspela på området har nok særleg sett saka under vinkelen kompensasjon for inflasjonstap, samstundes som ein ser ut til å meine at det særleg er grunn til renter når årsaka til sein utbetaling er feil i trygdeorgana.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet meiner at det er naudsynt med ei klar regulering av tilhøvet mellom erstatningsreglane og reglane om etterbetaling mv. i folketrygdlova. Samstundes bør ein vurdere ei lemping av renteregelen i folketrygdlova § 22-17, slik at renter vert gitt i klart definerte saker.

Departementet meiner vidare at utgangspunktet må vere ei fullstendig regulering av desse spørsmåla i folketrygdlova. Det er lite tvilsomt at Stortinget gjennom etterbetalingsreglane har meint å regulere kva ein kan hente ut av dei ulike stønadsordningane. Dette framgår av utforminga av reglane, som er detaljerte med klar differensiering mellom ulike ytingar og ulike situasjonar. Det er ikkje noko som tyder på at meininga har vore at erstatningsretten skal supplere folketrygdlova, verken ved å gi erstatning for terminar som ikkje er omfatta av etterbetalingsreglane eller ved å erstatte rentetap på grunn av regelen i lova § 22-17.

12.3.2 Renter

Ved ei endringslov i 1996 kom det inn ein ny § 44a i lova om Statens Pensjonskasse. Etter den nye paragrafen må Pensjonskassen betale renter dersom ei pensjonsutbetaling er ”forseinka” med meir enn to månader. Rentesatsen er renta etter forseinkingsrentelova.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet meiner at ei tilsvarande renteplikt i folketrygda ville føre for langt og krevje for store økonomiske uttellingar. Det er klare skilnader mellom folketrygda og Statens Pensjonskasse i spekteret av ytingar og grunnlaget for ytingane. Ei renteordning som i Pensjonskassen passar ikkje i trygdesaker generelt.

Som nemnd, ser det ut til å vere ei vanleg oppfatning at behovet for renter i trygdesaker særleg gjeld tilfelle der det vert gitt lange etterbetalingar og der trygdeorgana har gjort feil i handsaminga av saka. *Departementet er samd i dette og foreslår at ei renteordning i trygdesaker vert knytta opp mot reglane om utvida etterbetaling i folketrygdlova § 22-13 sjette leddet og § 22-14 fjerde leddet.* Dette er saker med feilinformasjon eller feilaktig vedtak, og ofte saker med lang etterbetalingstid.

Når det gjeld folketrygdlova § 22-13 sjette leddet omfattar reglane, i tillegg til tilfella med feilinformasjon, saker *der ein person av ei eller anna årsak ikkje har vore i stand til å setje fram krav.* Det vil her som regel ikkje vere noko å laste trygdeorgana. Det er svært få slike saker, og det vil ofte vere rimeleg å gi renter. Departementet meiner difor at ei renteplikt bør omfatte alle tilfella der det vert gitt etterbetaling med heimel i § 22-13 sjette leddet.

Rikstrygdeverket reiste i sin tid spørsmål om ei ordning med renter på grunn av feil bør omfatte saker *der etaten av eige initiativ rettar feil* som kjem for ein dag ved seinare revisjonar av ei stønadssak. I utgangspunktet går slike saker inn under regelen i folketrygdlova § 22-14 fjerde leddet, sjølv om det i vedtaket om retting eventuelt ikkje vert vist til desse reglane. Departementet meiner at desse sakene høyrer med i ei renteordning.

Når det gjeld rentenivået, bør ein ta sikte på ein rentesats som gir noko meir enn kompensasjon for prisauken, men likevel ein sats som er lågare enn renta etter forseinkingsrentelova. Det synest aktuelt å setje renta lik den renta som lova opnar for å krevje i samband med tilbakekrevjing av ytingar, sjå § 22-17 andre leddet. *Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår at det vert innført ei ordning med 6 prosent rente i saker med etterbetaling etter lova § 22-13 sjette leddet eller § 22-14 fjerde leddet og i saker der etaten av eige tiltak rettar feil ved den opprinnelege fastsetjinga av ytinga.*

Enkelte spørsmål i samband med utforminga av ei renteordning er behandla i punkt 12.4.

12.3.3 Renter ved tilbakekrevjing av feilutbetalingar

Etter folketrygdlova § 22-17 andre leddet kan ein krevje renter ved tilbakekrevjing av feilutbetalte ytingar, avgrensa til tilfella der mottakaren ikkje har vore i aktsam god tru, dvs. tilfella som vert omfatta av § 22-15 første leddet første punktet. Regelen er i praksis ikkje blitt brukt, hovudsakeleg av di det ikkje er gitt renter ved etterbetaling av ytingar.

Ved innføringa av ei renteplikt ved etterbetaling som foreslått i punkt 12.3.2, ligger tilhøva betre til rette for å ta i bruk heimelen til å krevje renter ved tilbakekrevjing. Som i dag bør ordninga gjelde tilfella der mottakaren er noko å bebreide, dvs. ved tilbakekrevjing etter § 22-15 første leddet. Departementet foreslår i tillegg at heimelen til å krevje renter skal omfatte tilbakekrevjing etter forslaget i punkt 2 om eit nytt andre ledd i § 22-15, som gjeld saker der ein arbeidstakar aktlaust eller forsettleg har fått eit trygdeorgan til å utbetale ei yting til arbeidsgjevaren. Det kan òg vere aktuelt å ta med tilbakekrevjingssakene etter den nye § 22-15 a om behandlingsspersonell med avtale om direkte oppgjør (sjå punkt 3). Departementet ber om høyringsinstansane sitt syn på dette.

12.3.4 Tilhøvet til erstatningsretten

Stønadsordningane i folketrygda gir dei som er med i trygda latente stønadsrettar. For at desse rettane eventuelt skal føre til utbetalingar, må han eller ho etter lova setje fram krav. Reglane i folketrygdlova § 22-13 avgrensar høvet til å gi ytingar med verknad for periodar før kravframsetjinga. Grunnen til dette er mellom anna at kontroll vert vanskeleg når kravet kjem lang tid etter at vilkåra for ytinga hevdast å vere oppfylte.

Departementet meiner difor at rammene for etterbetaling etter lova i dag (sjå punkt 12.1.2) i utgangspunktet ikkje bør endrast. Ytingane frå folketrygda skal først og fremst dekkje dei behova som stønadstakaren har i dag, anten dette er eit behov for inntektssikring eller for kompensasjon av auka utgifter på grunn av funksjonshemming. Høge etterbetalingsbeløp går ikkje godt saman med dette. Det er likevel klart at stønadstakarane opplever det som urimeleg å ikkje få ytingar som kunne ha vore gitt.

Utslaga av at erstatningsreglane supplerer etterbetalingsreglane vil i nokon mon vere tilfeldige, og det vert vanskeleg å sikre likebehandling. Når lang tid er gått etter at handlinga som kan gi rett til erstatning skjedde, vil det i regelen knytte seg tvil til kva som faktisk hendte, inkludert tvil om vilkåra for erstatning er oppfylte. Avgjerda til Høgsteretten i Abrahamsen-saka kom som nemnd utan at dette spørsmålet vart vurdert.

Høgsteretten sin dom i Abrahamsen-saka synest å ha til konsekvens at erstatningsreglane i ei viss utstrekning supplerer reglane i folketrygdlova om etterbetaling. Departementet meiner dette er ei lite tenleg ordning. Sjølv om fleirtalet i Høgsteretten la til grunn at lovvedtaka på området ikkje var til hinder for at erstatning vart gitt, er det likevel på den andre sida liten tvil om at meininga med reglane om etterbetaling er å fastleggje det økonomiske ansvaret for det offentlege i dei ulike situasjonane.

Departementet meiner ut frå dette at ein bør supplere folketrygdlova med reglar om at ein ikkje kan få erstatning for terminar som ikkje vert dekte ved etterbetaling, og heller ikkje kan få erstatta rentetap som ikkje er omfatta av forslaget om renter i "feilsaker" (sjå punkt 12.3.2). Dette vil føre til at ein unngår tvistar og rettssaker, og ei regulering er òg ønskjeleg av omsyn til kontroll med utgiftene til folketrygda. Utvidingar av renteplikta eller retten til etterbetaling bør skje gjennom lovendringar ut frå trygdepolitiske omsyn.

12.3.5 Lovteknisk utforming

Dei nye reglane om rett til renter ved etterbetaling vert foreslått tekne inn i folketrygdlova § 22-17. Noverande § 22-17 andre leddet vert til ny § 22-17 a om renter ved tilbakekrevjing av feilutbetalingar. Reglane om tilhøvet til erstatningsretten vert tekne inn i ny § 22-17 b, som på sett og vis òg vert ei vidareføring av noverande § 22-17 første leddet om at renter ikkje vert gitt.

12.4 Nærare om utforminga av ei renteordning

12.4.1 Korleis renter skal reknast

Ei avgrensa renteordning som foreslått i punkt 12.3.3 bør vere ei enkel ordning. Ein vil kunne etablere omfattande reglar om korleis renter skal reknast, til dømes reglar om at renter berre reknast for tid utover normal saksbehandlingstid. Departementet foreslår at ein *gir renter for kvart av dei månadsbeløpa som etterbetalinga omfattar, rekna frå utbetalingsdato i den enkelte*

månaden fram til utbetalingsdato i den månaden etterbetalinga vert effektivert. Renter for den enkelte terminen reknast for seg.

12.4.2 Avgrensingar i renteplikta ut frå storleiken på beløpet

Etterbetalingane i feilsaker vil ofte kunne spenne over fleire år. Rentetillegga vil sjeldan utgjere bagatellmessige beløp. Departementet finn difor ikkje grunn til å ta opp forslag om avgrensingar i plikta til å gi renter ut frå storleiken på rentebeløpet. Dersom erfaringane i praksis talar for det, vil ei kunne supplere lova tilsvarende.

12.4.3 Handlingane til mottakaren ("kreditormora")

I privatretten bruker ein ordet "kreditormora" om situasjonar der kreditor har seg sjølv å takke for at debitor ikkje oppfyller pliktene sine på rett måte. Dersom årsaka til dette ligg hos kreditor, er det ikkje noko avtalebrot frå debitor. Ved behandlinga av ei trygdesak kan den private parten vere årsak til forhaling av saka gjennom å nekte å gi nødvendige opplysningar eller på annan måte. Slike tilhøve er tillagt vekt på ulike stader i lova i dag (sjå §§ 21-7, 21-8 og § 22-14 fjerde leddet).

"Kreditormora" vil nok ikkje spele ein stor rolle i høve til ei renteplikt i feilsaker. *Det vert likevel foreslått teke inn ein regel som suspenderer renteplikta dersom stønadstakaren på ulike vis er årsak til forlenging av rentetida.*

12.4.4 Frådrag i grunnlaget for rentene

I enkelte tilfelle vert det gjort frådrag i ei etterbetaling for ytingar frå folketrygda som stønadstakaren har fått i mellomtida. Ein bør da rekne renter berre av den delen av den etterbetalte ytinga som faktisk kjem til utbetaling. Grunnlaget for å gi renter vert i utgangspunktet å vurdere termin for termin.

Det vil vere aktuelt å foreta ulike andre trekk i ei etterbetaling som kan vere problematiske å handtere i høve til renterekninga:

- Trekk for *refusjonskrav frå sosialtenesta.*
- Trekk for *skyldig underhaldsbidrag* til ektemake eller barn.
- Trekk for *skatt.*

Ein kan rekne renter utan omsyn til slike trekk, eller ein kan gjere frådrag i grunnlaget for renterekninga. Den første løysinga vil er den enklaste frå eit administrativt synspunkt. Dersom renter reknast utan omsyn til dei nemnde frådraga, vil gjeld til offentlege kreditorar ikkje ha andre verknader enn gjeld til private kreditorar. Når det gjeld trekk for skyldig bidrag og skattekrav, finn departementet at dette synet bør få gjennomslag, slik at *renter vert rekna utan omsyn til trekk for slike krav i etterbetalinga.* Det er ikkje naturleg å behandle desse krava likt med folketrygdytingane som går til frådrag i etterbetalinga.

Spørsmålet er vanskelegare når det gjeld refusjonskrav frå sosialtenesta. Stønadstakaren har her fått ytingar frå det offentlege til om lag det same formålet som trygdeytingane som vert etterbetalte. Krava vil ofte vere relaterte til bestemte periodar, slik at det ikkje vil by på problem å

gjennomføre frådrag i grunnlaget for renter. *Departementet foreslår at refusjonskrav for økonomisk sosialhjelp går til frådrag i beløpet som skal gi rett til renter.*

12.5 Ytingar etter andre lover enn folketrygdlova

12.5.1 Forskatteringslova

Ein betaler ikkje renter av skyldig underhaldsbidrag til ektemake eller barn. Departementet meiner at *forskot på bidrag etter forskatteringslova* bør følgje dei same reglane, sjølv om denne ytinga heilt eller delvis kan ha karakter av ein offentleg stønad. Det er ein nær samanheng mellom forskotet og barnebidraga, mellom anna ved at ein i størst mogleg utstrekning skal få refusjon for forskotet i bidrag. Ut frå dette synest det ikkje aktuelt å innføre renter av forskot som ei separat ordning.

Derimot kan det vere grunn til å ta inn i forskatteringslova ei regulering av tilhøvet til erstatningsretten. Det kan vere langre etterbetalingsperiodar på dette området, men heller ikkje her vil etterbetalingane alltid omfatte alle terminar som teoretisk kunne ha vore gitt. Dette har i praksis gitt opphav til rettstvistar.

12.5.2 Andre ordningar utanfor folketrygda

Når det gjeld andre ordningar utanfor folketrygda, er det liten grunn til å unnta ytingar som tilsvarar ytingane frå folketrygda frå ei ordning med renter i tilfelle med feilinformasjon eller feilaktig vedtak. Departementet meiner såleis at tilsvarande saker etter *lovene om krigspensjonering* og etter den gamle *lova om yrkesskadetrygd* bør omfattast av ei renteordning. Utgiftene til dette vil venteleg vere små.

12.5.3 Lovteknisk utforming

Forslaga i punkta 12.5.1 og 12.5.2 til reglar om renter og om tilhøvet til erstatningsretten for stønadsordningar utanfor folketrygda vil enklast kunne gjennomførast ved at lovreglane som er foreslåtte i punkt 12.3 for ytingar frå folketrygda, vert gjort gjeldande for dei andre ytingane så langt dette passar. Ein vil sjølv sagt kunne vurdere andre lovtekniske løysingar.

DEL IV. ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSA. LOVFORSLAG.

13. ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSA

13.1 Endringane i reglane om tilbakekrevjing

Forslaga til endringar i reglane om tilbakekrevjing medfører ikkje prinsipielle endringar med omsyn til når Arbeids- og velferdsetaten kan ta opp krav om tilbakebetaling av for mykje utbetalte beløp. Derimot vert det – i motsetning til i dag – opna for tilbakekrevjing etter reglane i folketrygdlova når feilutbetalinga har skjedd til andre enn stønadstakar, og ein får nye lovreglar om tilbakekrevjing ved feilutbetalingar til behandlingsspersonell. I dag må tilbakekrevjing i desse tilfella skje via domstolane (med mindre beløpet vert betalt frivillig). Dette gir ei forenkling av arbeidet med desse sakene, og resultatet vil venteleg bli at tilbakekrevd beløp aukar. Det er likevel vanskeleg å talfeste utslaga. Ein reknar skjønsmessig effekten av forslaga til mellom 2 og 10 millionar kroner i året.

13.2 Tiltaka mot trygdemisbruk

Arbeids- og velferdsetaten er avhengig av heimlar til kontroll for å kunne avdekkje og dokumentere urettmessig mottak av ytingar på ein effektiv måte. Forslaga reknast å føre til ei enklare saksbehandling for Arbeids- og velferdsetaten og betre tilgang på opplysningar. Dette vil særleg styrke arbeidet med å avdekkje trygdemisbruk. Mellom anna vil forslaget om heimel til kontroll på arbeidsplassen vere viktig. Potensialet for innsparingar ved å stanse urettmessige utbetalingar er stort. Når det gjeld langtidsytingar, som til dømes uførepensjon, får ein store akkumulerte effektar. Ein uførepensjon frå folketrygda har gjennomsnittleg ein kapitalisert verdi (nåverdi) på ca 1,3 millionar kroner. Ein kan rekne med ein årseffekten av forslaga på *mellom 10 og 50 millionar kroner i sparte utbetalingar*.

Forslaget om gebyr/tvangsmulkt i høve til personar og institusjonar som ikkje gir dei opplysningane mv. som Arbeids- og velferdsetaten vil ha, vil gi inntekter. Dersom det til dømes vert pålagt 1500-2000 gebyr, vil dette gi ei inntekt på 0,4 – 0,5 millionar kroner. Tvangsmulkt i gjennomsnittleg 14 dagar i 1 000 saker gir ei inntekt på vel 0,6 millionar kroner. *Forslaget reknast på basis av dette å gi ei inntekt på 0,5 – 1 million kroner i året.*

Den utvekslinga av informasjon som det vert lagt opp til mellom forsikringsselskap mv. og Arbeids- og velferdsetaten, vil føre til effektivisering og reduserte feilutbetalingar jamvel på forsikringssida. I følgje Finansnæringens Hovedorganisasjon (FNH) vart det i 2005 avdekt freistnad på svindel i 216 saker i livs- og pensjonsforsikring. Tilsvarende tal for 2004 var 114 saker. FNH ventar at svindelen vil auke. Bransjen reknar med at forsikringssvindelen på det aktuelle området kan utgjere om lag 1 milliard kroner i året.

13.3 Renter og erstatning i trygdesaker

Talet saker med etterbetaling etter folketrygdlova § 22-13 sjette leddet og § 22-14 fjerde leddet er ikkje stort, men det kan vere store beløp som vert etterbetalte i den enkelte saka. Talet på saker der Arbeids- og velferdsetaten rettar feil av eige tiltak er ikkje kjent, men det er her sjeldan lange etterbetalingsperiodar og like sjeldan om større beløp. Uttellingane til renter i desse sakene vil

difor vere moderate, og det kan vere aktuelt med reglar om at renter berre vert gitt når dei kjem opp i eit visst minstebeløp.

Eit eksempel basert på den foreslåtte rentesatsen på 6 prosent og ein gjennomsnittleg etterbetalingsperiode på 5 år gir følgjende resultat (millionar kroner):

Sum etterbetalingar	5,0	10,0	15,0	20,0	25,0	30,0
Rentetillegg	0,7	1,4	2,2	2,9	3,6	4,3

Etterbetalingane vil kunne variere mykje i omfang frå år til år. *Gjennomsnittlig årleg meirutgift vert rekna til 3 millionar kroner.*

Relativt få saker med renter gjer at det administrative meirarbeidet på grunn av forslaget vert tilsvarende avgrensa. Tilhøva i dag ligg likevel ikkje til rette for å rekne rentene maskinelt. Renter må reknast manuelt eller ved hjelp av eit særskilt utvikla program. Utviklingskostnadene til eit slikt program kjem i tillegg til meirarbeidet med ordninga.

Forslaget om aktivisering/utviding av heimelen til å krevje renter ved tilbakekrevjing vil føre til meirinntekter, som vil kunne utgjere *mellom 0,5 og 2 millionar kroner i året.*

Forslaga om reglar som klargjer tilhøvet til erstatningsretten vil gjere sakshandsaminga enklare. Ein vil unngå rettssaker og uheldige tvistar. Den økonomiske effekten vil variere sterkt frå år til år. *Innsparinga vil kunne utgjere mellom 1 og 5 millionar kroner i året.*

13.4 Oppsummering

De økonomiske konsekvensane av forslag av den aktuelle typen er svært vanskelege å rekne på. Særleg gjeld dette tiltaka mot trygdemisbruk. Utslaga vil kunne variere mykje frå år til år. Ein kan berre gi peikepinnar om storleiken. Forslaga vil med eitt unntak føre til reduserte utgifter/meirinntekter for folketrygda. Beløpa nedanfor er årsbeløp:

- Endra reglar om tilbakekrevjing - *mellom 2 og 10 millionar kroner.*
- Tiltak mot trygdemisbruk – *mellom 10 og 50 millionar kroner.*
- Gebyr og tvangsmulkt knytta til opplysningsplikt - *mellom 0,5 og 1 million kroner.*
- Krevje renter ved tilbakekrevjing - *mellom 0,5 og 2 millionar kroner.*
- Ikkje renter/erstatning etter erstatningsretten – *mellom 1 og 5 millionar kroner.*

Innsparingane vil etter dette kunne utgjere *mellom 14 og 68 millionar kroner i året.*

Innføringa av ei renteordning vil medføre meirutgifter på *om lag 3 millionar kroner i året.*

Forslaga til endringar er i hovudsak grunna på ønskje frå etaten med sikte på å lette eller effektivisere sakshandsaminga. Ein reknar med at dei vil spare arbeid. Talfesting er vanskeleg. Forslaget om ei renteordning vil føre til meirarbeid, inkludert arbeid med etablering av tekniske løysingar.

14. FORSLAG TIL LOVENDRINGAR

14.1 Endringar i folketrygdlova

I lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd vert gjort desse endringane:

§ 21-3 tredje ledd skal lyde:

Dersom Arbeids- og velferdsetaten finner det nødvendig, kan en person pålegges å la seg undersøke eller intervju av den lege eller annen sakkyndig som etaten bestemmer. Dette gjelder i forbindelse med krav om ytelser og ved kontroll av om vilkårene for en ytelse fortsatt er oppfylt eller har vært oppfylt i tilbakelagte perioder.

§ 21-4 første og andre ledd skal lyde:

Arbeids- og velferdsetaten har rett til å innhente de opplysninger som er nødvendige for å kontrollere om vilkårene for en ytelse er oppfylt eller har vært oppfylt i tilbakelagte perioder. Opplysninger kan innhentes fra den som yter tjeneste for trygdens regning, helsepersonell, arbeidsgiver, tidligere arbeidsgiver, postoperatør, utdanningsinstitusjon, barnetilsynsordning, offentlig virksomhet, forsikringsselskap, pensjonsordning og finansinstitusjon. Retten til å innhente opplysninger fra helsepersonell gjelder også journaler. Den som blir pålagt å gi opplysninger, plikter å gjøre dette uten godtgjørelse.

Helsepersonell plikter etter krav fra trygdens organer, og uavhengig av om pasienten er registrert som pasient fra før, å gi de erklæringer og uttalelser som er nødvendige for at Arbeids- og velferdsetaten skal kunne vurdere rettigheter og plikter etter loven. Det samme gjelder andre som yter tjenester, forutsatt at de gjør det for trygdens regning, og andre særskilt sakkyndige. I en legeerklæring om sykefravær plikter legen å oppgi om en sykdom eller skade kan ha sammenheng med arbeidssituasjonen. Arbeids- og velferdsdirektoratet fastsetter godtgjørelsen for uttalelser og erklæringer som nevnt. Det kan ikke kreves betaling fra pasienten i forbindelse med innhenting av erklæringer og uttalelser.

Ny § 21-4 a skal lyde:

§ 21-4 a Innhenting av opplysninger fra tredjemann - stedlig kontroll

Arbeids- og velferdsdirektoratet eller særskilt utpekte enheter innen Arbeids- og velferdsetaten kan pålegge også andre enn nevnt i § 21-4 å gi opplysninger som er nødvendige for å avdekke eller begrense urettmessige utbetalinger fra trygden. Opplysninger kan kreves også om andre enn stønadstakeren.

Arbeids- og velferdsdirektoratet eller særskilt utpekte enheter innen Arbeids- og velferdsetaten kan foreta stedlig kontroll i virksomheter. Under slik kontroll kan det kreves at arbeidstakere identifiserer seg med henblikk på kontroll med om vedkommende er innmeldt i Arbeidstakerregisteret eller om vedkommende mottar ytelser fra Arbeids- og velferdsetaten som er uforenlige med arbeidsforholdet. Det kan også kreves innsyn i regnskaper eller andre dokumenter som kan avdekke eller begrense urettmessige utbetalinger fra trygden.

Det er et vilkår for anvendelse av bestemmelsene i første og andre ledd at det foreligger begrunnet mistanke om at det er skjedd eller kan skje urettmessige utbetalinger fra trygden.

Ny § 21-4b skal lyde:

§ 21-4b *Utveksling av opplysninger med finansinstitusjoner mv.*

Finansinstitusjoner, pensjonsordninger og forsikringsselskaper kan av eget tiltak og uten hinder av egen taushetsplikt informere Arbeids- og velferdsetaten om forhold som har medført eller kan medføre urettmessig utbetaling av trygdeytelser.

Arbeids- og velferdsetaten kan av eget tiltak og uten hinder av taushetsplikt informere et forsikringsselskap, finansinstitusjon eller pensjonsordning om forhold som kan medføre urettmessige utbetalinger fra denne institusjonen. Dette gjelder når en person har fått utbetalinger fra Arbeids- og velferdsetaten som vedkommende ikke hadde krav på, og vilkårene for tilbakreving etter § 22-15 første ledd er oppfylt.

Opplysninger som gis etter første eller andre ledd skal være undergitt taushetsplikt hos mottaker i samme utstrekning som i det organ som gir opplysningene, og kan bare brukes så langt nødvendig for at mottaker av opplysningene kan unngå urettmessige utbetalinger eller kreve tilbake slike utbetalinger som alt er foretatt.

En institusjon eller person som i god tro har gitt opplysninger i samsvar med første eller andre ledd, kan ikke trekkes til ansvar for dette.

§ 22-14 femte ledd første punktum skal lyde:

Trekk etter § 22-15 femte ledd eller § 22-15 a andre ledd eller avregning etter § 22-16 avbryter foreldelse.

§ 22-15 skal lyde:

§ 22-15 *Tilbakekreving etter feilaktig utbetaling*

En utbetaling som Arbeids- og velferdsetaten har foretatt til noen som ikke hadde krav på den, kan kreves tilbake dersom mottakeren forsto eller burde ha forstått at utbetalingen skyldtes en feil. Det samme gjelder dersom mottakeren eller noen på hans vegne har gitt opplysninger som vedkommende burde ha forstått var mangelfulle eller feilaktige, og utbetalingen har sammenheng med dette. Som mangelfulle opplysninger regnes også unnlatelse av å gi opplysninger av betydning.

Dersom en arbeidsgiver i medhold av § 22-3 har fått utbetalt en ytelse som arbeidstakeren ikke hadde krav på, og dette skyldes at arbeidstakeren eller noen på hans vegne har gitt opplysninger som vedkommende forsto eller burde ha forstått var mangelfulle eller feilaktige (se første ledd), kan beløpet kreves tilbake fra arbeidstakeren.

Dersom det etterbetales lønn, eller erstatning for lønn, for tidsrom som det allerede er utbetalt dagpenger under arbeidsløshet for, kan det for meget utbetalte kreves tilbake. Dersom ytelser etter kapitlene 4 og 11 er utbetalt som forskudd, kan det for meget utbetalte kreves tilbake.

Feilutbetalte beløp som ikke omfattes av første til tredje ledd kan kreves tilbake, med mindre særlige grunner taler mot det. Ved vurderingen legges det blant annet vekt på hvor lang tid det er gått siden utbetalingen fant sted og om vedkommende har innrettet seg i tillit til den. Tilbakebetalingskravet skal i tilfelle begrenses til det beløp som var i behold da vedkommende ble kjent med at utbetalingen var feilaktig.

Tilbakebetalingskrav etter første til fjerde ledd kan reduseres dersom Arbeids- og velferdsetaten kan bebreides for feilutbetalingen. Feilutbetalinger som utgjør et lavere beløp enn 60 prosent av rettsgebyret, kreves ikke tilbake.

Vedtak om tilbakekreving etter første til fjerde ledd er tvangsgrunnlag for utlegg. Kravet kan innkreves ved trekk i framtidige trygdeytelser eller inndrives av Arbeids- og velferdsetatens innkrevingssentral etter reglene i bidragsinnkrevingsloven.

Tilbakekreving på grunnlag av avtale om direkte oppgjør (se § 22-2) skjer etter reglene i § 22-15 a.

Ny § 22-15 a skal lyde:

*§ 22-15 a Tilbakekreving etter feilutbetalinger ved avtaler om direkte oppgjør
Dersom en behandler eller tjenesteyter med avtale om direkte oppgjør har mottatt utbetalinger som vedkommende ikke hadde krav på, skal beløpet kreves tilbakebetalt. Dette gjelder likevel ikke dersom*

- a) utbetalingen skyldtes feilaktige eller mangelfulle opplysninger fra Arbeids- og velferdsetaten, eller*
- b) utbetalingen gjaldt behandling eller tjenester som ikke var medisinsk nødvendige, med mindre den som framsatte kravet forsto eller burde ha forstått dette.*

Vedtak om tilbakekreving er tvangsgrunnlag for utlegg. Tilbakebetalingsbeløpet kan dekkes ved trekk i framtidige oppgjør eller innkreves av Arbeids- og velferdsetatens innkrevingssentral etter reglene i bidragsinnkrevingsloven.

§ 22-16 skal lyde:

*§ 22-16 Avregning av feilutbetalinger som skyldes for høy inntekt
Når en ytelse som nevnt i andre ledd utbetales med for høyt beløp fordi mottakerens inntekt er høyere enn forutsatt ved fastsettingen av ytelsen, skal det som er utbetalt for mye, avregnes ved trekk i framtidige ytelser. Det som er utbetalt for mye, skal avregnes med opptil 10 prosent av den månedlige ytelsen.*

Avregningsordningen gjelder ved feilutbetaling av

- a) ektefelletillegg og barnetillegg som *kan* reduseres etter § 3-26,
- b) alderspensjon som ytes før fylte 70 år,
- c) etterlattepensjon og overgangstønad etter kapitlene 15, 16 og 17,
- d) tidsbegrenset uførestønad og *uføre*pensjon.

Trekk etter første ledd kan foretas i ytelser som nevnt i andre ledd, i alderspensjon fra fylte 70 år og i krigspensjon og pensjon etter den tidligere loven om yrkesskadetrygd. Det kan foretas trekk også etter overgang fra en av disse ytelsene til en annen, og feilutbetalte forsørgingstillegg kan avregnes i pensjon mv. også etter at tilleggene er falt bort.

§ 22-17 skal lyde:

§ 22-17 Renter ved etterbetaling av ytelser

Ved etterbetaling i medhold av § 22-13 sjette ledd eller § 22-14 fjerde ledd ytes det renter etter en rentesats på 6 prosent. Det samme gjelder når Arbeids- og velferdsetaten av eget tiltak retter ytelser som er gitt med for lavt beløp.

Renter regnes fra utbetalingsdato i den enkelte måneden som etterbetalingen omfatter fram til utbetalingsdato i den måneden da utbetaling skjer. Ytelsene for hver av månedene renteberegnes for seg.

Dersom det gjøres fradrag i en eller flere av de ytelsesterminer som etterbetalingen omfatter fordi vedkommende har mottatt andre ytelser fra folketrygden eller har fått økonomisk sosialhjelp etter sosialtjenesteloven, skal renter beregnes på grunnlag av de deler av etterbetalingen som gjenstår etter at slike fradrag er gjort.

Det ytes ikke renter for tidsrom da stønadstakeren eller andre som har opptrådt på vegne av ham eller henne er skyld i at ytelsen ikke er kommet til utbetaling.

Departementet kan gi forskrift om gjennomføringen av bestemmelsene i paragrafen her.

Ny § 22-17 a skal lyde:

§ 22-17 a Renter ved tilbakekreving av for meget utbetalt ytelse

Trygden kan fra utbetalingstidspunktet kreve renter med 0,5 prosent pr. måned ved tilbakekreving av ytelser etter § 22-15 første ledd og andre ledd. Det kan ellers ikke kreves renter.

Ny § 22-17 b skal lyde:

§ 22-17 b Forholdet til erstatning

Ved etterbetaling av en ytelse etter bestemmelsene i § 22-13 kan det ikke kreves erstatning etter skadeserstatningsloven eller alminnelige erstatningsrettslige regler for ytelser for tidsrom som ikke omfattes av etterbetalingen. Tilsvarende kan det ved etterbetaling av ytelser ikke gis renter eller kreves erstatning for rentetap i andre tilfelle eller i større utstrekning enn det som følger av bestemmelsene i § 22-17 b.

§ 25-3 Gebyr og tvangsmulkt

Gebyr, tvangsmulkt eller begge deler kan ilegges

- a) en arbeidsgiver som ikke oppfyller plikten etter § 25-1 til å gi melding om inntak av arbeidstakere eller opphør av arbeidsforhold, inkludert besvarelse av Arbeids- og velferdsetatens årlige kontroll med oppfyllelse av meldeplikten,*
- b) personer og institusjoner som ikke oppfyller plikten etter § 21-4 til å gi opplysninger mv. til Arbeids- og velferdsetaten.*

Gebyr kan ilegges dersom saken må følges opp ved skriftlig purring eller på annen måte for å få vedkommende til å oppfylle pliktene som nevnt i første ledd. Gebyret skal utgjøre et halvt rettsgebyr for hver melding som ikke er sendt eller for hvert tilfelle der opplysninger ikke er gitt. Gebyr kan bare ilegges når det ved forskrift eller ved særskilt bestemmelse i den enkelte sak er fastsatt en frist til å gi melding eller komme med opplysninger mv. Gebyr er tvangsgrunnlag for utlegg.

Tvangsmulkt kan ilegges etter at det er sendt purring og gitt en ny frist for å sende meldingen eller gi opplysningene mv. Det må samtidig gis varsel om at tvangsmulkt vil løpe dersom den nye fristen ikke overholdes. Mulkten skal utgjøre tre promille av grunnbeløpet i folketrygden for hver dag etter utløpet av den nye fristen. Tvangsmulkt ilegges for hver melding som ikke er sendt eller for hvert tilfelle der opplysninger mv. ikke er gitt.

Ilagt gebyr eller tvangsmulkt kan motregnes i en arbeidsgivers krav etter § 22-3 på refusjon for forskottering av ytelser etter kapitlene 8, 9 og 14.

Bestemmelsene i første til fjerde ledd gjelder tilsvarende når en arbeidsgiver ikke oppfyller plikten etter § 25-2 til å føre statistikk over sykefravær mv. og utlevering av oppfølgingsplan.

Departementet gir forskrifter om gebyr og tvangsmulkt. Det kan gis regler om forholdet mellom bruken av gebyr og tvangsmulkt i det enkelte tilfellet og særskilte regler om fastsetting av gebyr og tvangsmulkt i forbindelse med årlig kontroll med overholdelse av meldeplikten etter § 25-1. Det kan videre gis regler om forhøyet gebyr eller tvangsmulkt ved grove overtredelser av reglene og om ettergivelse av ilagt gebyr eller tvangsmulkt.

§ 25-12 vert oppheva.

14.2 Endringer i arbeids- og velferdsforvaltningslova

I lov 16. juni 2006 om arbeids- og velferdsforvaltningen skal § 7 andre leddet første punktumet lyde:

Opplysninger til andre forvaltningsorganer, jf. forvaltningsloven § 13 b første ledd nr. 5 og 6, kan bare gis når det er nødvendig for å fremme etatens *oppgaver*, *for* å forebygge vesentlig fare for liv eller alvorlig skade på noens helse *eller for å hindre urettmessig utbetaling av offentlige midler*.